Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

| Behandlende enhet: | Saksbehandler/telefon: | Vår referanse: | Deres referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Marianne Skjeldestad Hove / 57655917 | 15/259191-21 | | 22.02.2017 |

# Årsrapport Fylkesvegar i Hordaland

Vedlagt Årsrapport 2016 for Fylkesvegar i Hordaland

Styrings- og Strategistab
Med hilsen

Tone Margrethe Oppedal
avdelingsdirektør

Marianne Skjeldestad Hove

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030

firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø

# Fylkesvegar

# i

# Hordaland

## Årsrapport for 2016

(Tal pr. 20. januar 2017)

## Innhald

1. Samla omtale av økonomien på fylkesveg for 2016 .......... 3
2. Drift og vedlikehald av fylkesvegar .......... 4
2.1. Drift og vedlikehald fylkesvegar .......... 5
2.1.1. Drift .......... 5
2.1.2. Vedlikehald .......... 5
3. Investering i fylkesvegar .......... 5
3.1.1. Status prosjekt utanom Bergen .......... 5
3.1.1.1. Strekningsvise prosjekt .......... 6
3.1.1.2. Programområde utanfor Bergen og standardheving .......... 11
3.1.2. Status prosjekt i Bergensprogrammet .......... 13
3.1.2.1. Store prosjekt i Bergensprogrammet (L315) .......... 13
3.1.2.2. Programområde i Bergensprogrammet .......... 14
3.1.2.3. Generelt om belønningsmidlar .......... 15
4. Rassikring av fylkesvegar .......... 16
4.1.1. Rassikring av fylkesvegar (L410) inkludert statleg tilskot .......... 16

# 1. Samla omtale av økonomien på fylkesveg for 2016

For 2016 har Statens vegvesen lagt til grunn siste oppdaterte leveranseavtale pr. november 2016. Rapporten gjev ein status for drift, vedlikehald og investeringsprosjekt og omtalar vesentlege avvik på kostnader og framdrift. Vesentlege avvik er etter rammeavtala 10 % meir- eller mindreforbruk, eller meir enn 10 million kroner i avvik. Avvik større enn 10 % på mindre prosjekt under programområda og standardheving vert omtala i vedlegg 1.

Totale disponible midlar for 2016 er 2,614 mrd. kr, av dette er 1,323 mrd. kr. fylkeskommunale midlar. Det samla mindreforbruket på fylkesveg er 283 mill. kr. Av dette er det 34 mill. kr. i mindreforbruk på fylkeskommunale løyving. Resten av mindreforbruket er knytt til bompengar, belønningsmidler og tilskot.

Det vart eit meirforbruk på drift og vedlikehald i heile Hordaland på vel 9,8 mill. kr som i stor grad kjem av dyr vinterdrift og opprydding etter ekstremver.

Mindreforbruk på investering utanfor Bergen utgjer 61,8 mill. kr. I tillegg var det eit mindreforbruk på Rassikring på 7,5 mill. kr. Vi har hatt god drift på dei fleste mindre investeringsprosjekta utanfor Bergen, men har diverre forseinka framdrift på ein del av dei store prosjekta. Dei største mindreforbruka er knytt til Bømlopakken, Storskaret-Arefjordpollen og Askøypakken. Det er eit mindreforbruk på totalt 20,3 mill. kr på programområda og standardheving. Heile 19,6 mill. kr av dette mindreforbruket er knytt til prosjekt med tilskot frå kommunane og statleg sykkelmidlar som ikkje kan omdisponerast.

Mindreforbruk på investering i Bergen utgjer 119,3 mill. kr. eks Bybanen. Det største mindreforbruket på investeringar i Bergen er knytt til Ringveg vest 2. byggetrinn grunna forseinka oppstart av kontrakt.  I Bergen har overførte belønningsmidler frå 2015 og ekstra løyving i 2016 gitt ei monaleg auke i disponible midlar til planlegging, kollektivtiltak, og gang- og sykkeltiltak. Postane gang- og sykkeltiltak og trafikksikring vart i tillegg auka gjennom salderingar for å løyse inn framtidige bindingar på sykkeltiltak langs Bybanen III og tiltaket Fotgjengarkryssing ved Kirkevoll skule. Unytta midlar under gang- og sykkeltiltaka er i hovudsak belønningsmidler til tiltak i Fyllingsdalen, frå Allestadveien til Skarphaugen og tilskot til Salhusveien. Kollektivtiltaka har høvevis størst mindreforbruk. I Hovudsak er dette belønningsmidler til tiltak, i Åsane, som er lyst ut i samlekontrakt og som vil ha anleggsstart våren 2017.  Som omtalt i plan- og byggeprogram for 2017 er dei overførte belønningsmidlene frå 2016 til 2017 teke høgde for og rekna med for å sikre finansiering av tiltak i 2017.

Mindreforbruk på Bybanen utgjer 104,1 mill. kr. og er knytt til bompengar.

Tabellen under syner resultat knytt til fylkesvegar inkludert Bybanen i Hordaland i 2017.

Tab 1. Tal i heile tusen kr

| Totalramme – løyvde midlar til vegformål | | Drift og vedlikehald | Investering u/Bg (inkl bompenger, forskot, | Investering Bg (inkl bompenger, forskot, | Rassikring | Bybanen II, III og IV | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Fk midlar (vedtak desember 2015) | | 485 924 | 601 200 | 244 500 | 131 000 | | 1 462 624 |
| Fk midlar (vedtak mars 2016) | | | | | | | 0 |
| Fk midlar (vedtak juni 2016) | | | -33 028 | | -36 000 | | -69 028 |
| Fk midlar (vedtak oktober 2016) | | | -65 300 | | | | -65 300 |
| Regnskaps-teknisk justering hfk midler administrativt vedtak november | | | | -6 930 | | | -6 930 |
| Fk midlar (administrativt vedtak juni 2016) | | | 1 264 | 0 | | | 1 264 |
| Fk midlar (administrativt vedtak oktober 2016) | | | 0 | 0 | | | 0 |
| Fk midlar (administrativt vedtak november 2016) | | | 0 | 0 | | | 0 |
| Bompenger (vedtak desember 2015) | | | 418 000 | 70 000 | | 550 000 | 1 038 000 |
| Bompenger (vedtak juni 2016) | | | -52 642 | 7 000 | | | -45 642 |
| Bompenger (vedtak oktober 2016) | | | -97 700 | | | | -97 700 |
| Bompenger (overførte bompenger fra 2015 til 2016) | | | 16 898 | 34 219 | | | 51 117 |
| Bompenger regnskaps-teknisk justering administrativt vedtak november 2016 | | | | 6 930 | | | 6 930 |
| Anna finansiering | Overførte tilskot frå 2015 til 2016 | | 7 187 | 1 000 | | | 8 187 |
| | Tilskot (vedtatt desember 2015) | | 20 400 | 31 500 | 60 000 | | 111 900 |
| | Tilskot (vedtak juni 2016) | | -5 000 | 12 000 | | | 7 000 |
| | Belønningsmidler overført fra 2015 | | 2 049 | 78 992 | | | 81 041 |
| | Belønningsmidler (vedtak desember 2015) | | | 90 000 | | | 90 000 |
| | Belønningsmidler (vedtak juni 2016) | | 5 750 | 32 600 | | | 38 350 |
| | Belønnings-midlar etter administrativt vedtak oktober 2016 | | | 0 | | | 0 |
| | Belønnings-midlar administrativt vedtak november 2016 | | | 0 | | | 0 |
| | Forskot overført fra 2015 til 2016 | | -300 | 3 000 | | | 2 700 |
| | Forskot (vedtak desember 2015) | | 0 | 0 | | | 0 |
| | Forskot (vedtak juni 2016) | | 300 | | | | 300 |
| **Til disposisjon** | | **485 924** | **819 078** | **604 811** | **155 000** | **550 000** | **2 614 813** |
| Regnskap | | 495 714 | 757 316 | 485 437 | 147 389 | 445 900 | 2 331 756 |
| Avvik mellom tildisposisjon og regnskap | | 9 790 | -61 762 | -119 374 | -7 611 | -104 100 | -283 057 |

Tabell 1 viser vedteke budsjett for drift og vedlikehald, investeringar, belønningsmidlar, tilskot, forskot og bompengar knytt til fylkesvegnettet i Hordaland (inkludert midlane til Bybanen II, III, IV), men midlar knytt til refusjonar utanom Bergen og forskot knytt til riksvegprosjekt er ikkje med.

## 2. Drift og vedlikehald av fylkesvegar

Tab 2 tal i hele tusen kr

| Drift og Vedlikehald | Regnskap hiå | FK midlar 2016 | Tildisp | Avvik tildisp og regnskap |
|---|---|---|---|---|
| Drift regulert gjennom faste kontrakter | 349 774 | -350 595 | -350 595 | -821 |
| Drift øvring | 69 190 | -64 953 | -64 953 | 4 237 |
| Bruvedlikehald | 14 128 | -23 000 | -23 000 | -8 872 |
| Vegoppmerking | 20 079 | -10 000 | -10 000 | 10 079 |
| Dekkelegging | 39 062 | -33 000 | -33 000 | 6 062 |
| Vedlikehald øvrig | 3 480 | -4 376 | -4 376 | -896 |
| **Sum drift og vedlikehald** | **495 714** | **-485 924** | **-485 924** | **9 790** |

Tabell 2 syner vedteke drift og vedlikehaldsbudsjett for heile Hordaland.

## 2.1. Drift og vedlikehald fylkesvegar

### 2.1.1. Drift

For drift av fylkesvegnettet (driftskontraktane), er det eit samla meirforbruk på ca. 3,4 mill.kr som er 0,8% meir enn løyvinga for 2016 Dette skuldast i hovudsak at det vart sett i verk tiltak for å redusere tidlegare signalisert meirforbruk mest mogeleg til tross for at det har vore auka kostnader knytt til opprydding etter stormen Nina og vinterdrifta.

For meir informasjon sjå vedlegg 1 til rapporten.

### 2.1.2. Vedlikehald

For vedlikehald av fylkesvegnettet er det eit meirforbruk på 6,4 mill.kr som er 9% meir enn løyvinga for 2016. Kostnadene på denne posten gjeld i all hovudsak straum og tilskot til veglys. Tilskot til veglys er vanskeleg å budsjettere kostnaden ved sidan straumprisen varierer frå år til år.

For meir informasjon sjå vedlegg 1 til rapporten.

# 3. Investering i fylkesvegar

Tab. 3

tal i hele tusen kr

| | REGNSKAP HIÅ | F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING) | BOMPENGAR | OVERFØRTE BOMPENGAR | OVERFØRTE BELØNNINGS MIDLAR | BELØNNINGS MIDLAR | OVERFØRT FORSKOT | FORSKOT | OVERFØRT TILSKOT | TILSKOT | TIL DISP 2016 | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bergensprogrammet | 485 437 | -237 570 | -34 803 | -83 346 | -78 992 | -30 000 | -3 000 | 0 | -1 000 | 0 | -604 811 | -119 374 |
| Hordaland (utanom Bergen) | 757 316 | -504 136 | -267 800 | -16 756 | -2 049 | -5 750 | 300 | -300 | -7 187 | -15 400 | -819 078 | -61 762 |
| Totalt | 1 242 753 | -741 706 | -302 603 | -100 102 | -81 041 | -35 750 | -2 700 | -300 | -8 187 | -15 400 | -1 423 889 | -181 136 |
| Bybanen II, III, IV | 445 900 | 0 | 0 | -550 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -550 000 | -104 100 |
| **Sum** | **1 688 653** | **-741 706** | **-302 603** | **-650 102** | **-81 041** | **-35 750** | **-2 700** | **-300** | **-8 187** | **-15 400** | **-1 973 889** | **-285 236** |

Tabell 3 syner løyvingane for 2016 inkludert overførte løyvingar frå 2015 fordelt på type midlar som er løyvd over Bergensprogrammet og Investeringstiltak i Hordaland utanom Bergen, samt Bybaneprosjekta. Rassikring er ikkje med i tabellen. Rassikring vert omtala i kap. 2.3.

### 3.1.1. Status prosjekt utanom Bergen

Tab. 4

tall i hele tusen kr

| | REGNSKAP HIÅ | F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING) | BOMPENGAR | OVERFØRTE BOMPENGAR | OVERFØRTE BELØNNINGS MIDLAR | BELØNNINGS MIDLAR | OVERFØRT FORSKOT | FORSKOT | OVERFØRT TILSKOT | TILSKOT | TIL DISP 2016 | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| STREKNINGSVISE PROSJEKT | 481 999 | -234 672 | -267 800 | -16 756 | 0 | 0 | 300 | -300 | -1 187 | -3 000 | -523 415 | -41 416 |
| MINDRE UTBETRINGER/TIL RÅDVELDE | 20 154 | -18 800 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -12 400 | -31 200 | -11 046 |
| STANDARDHEVINGSTILTAK | 142 733 | -130 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -5 000 | 0 | -135 000 | 7 733 |
| GANG OG SYKKELTILTAK | 6 410 | -8 400 | 0 | 0 | -2 049 | -5 750 | 0 | 0 | -1 000 | 0 | -17 199 | -10 789 |
| TRAFIKKSIKRINGSTILTAK | 34 711 | -36 500 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -36 500 | -1 789 |
| PUNKTUTBETRING OG TRYGGE SKULEVEGAR | 19 482 | -22 464 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -22 464 | -2 982 |
| MILJØTILTAK | 5 009 | -4 850 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -4 850 | 159 |
| KOLLEKTIVTILTAK | 23 916 | -26 250 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -26 250 | -2 334 |
| INNLØYSING AV HUS/EIGEDOMAR | 496 | -1 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -1 000 | -504 |
| PLANLEGGING | 22 406 | -21 200 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -21 200 | 1 206 |
| SUM PROSJEKT FYLKESVEGER UTANOM BERGEN | 757 316 | -504 136 | -267 800 | -16 756 | -2 049 | -5 750 | 300 | -300 | -7 187 | -15 400 | -819 078 | -61 762 |

Tabell 4 syner dei totale løyvinga og resultat på strekningsvise prosjekt og programområda utanom Bergen.

Nokre av tabellane under er todelte. Den øvre delen gjeld kostnadene for dei investeringsprosjekta som har midlar i 2016-budsjettet. Den nedre delen viser prosjekt som ikkje har løyvde midlar i 2016, men som det kom kostnadar på i 2016. Det er som regel gamle prosjekt det kjem sluttkostnadar på som ikkje har løyving. Nokre få prosjekt kom med som følgje av feilføringar av utgifter som vi ikkje rakk å rette opp innan rekneskapen var stengd.

#### 3.1.1.1. Strekningsvise prosjekt

Tab 5 — tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | REGNSKAP HIÅ | F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING) | BOMPENGAR | OVERFØRTE BOMPENGAR | OVERFØRT FORSKOT | FORSKOT | OVERFØRT TILSKOT | TILSKOT | TIL DISP 2016 | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP | Fase |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 546 | Fv 546 Austevollbrua, ferjetilskot | 10 020 | -10 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -10 000 | 20 | Tatt i bruk |
| 7 | Fv 7/fv 49 Kvammapakken | 60 518 | -15 000 | -34 200 | -5 800 | 0 | 0 | 0 | 0 | -55 000 | 5 518 | |
| 542 | Fv 541/542 Bømlopakken | 203 608 | -40 000 | -185 000 | 5 870 | 0 | 0 | 0 | -3 000 | -222 130 | -18 522 | |
| 48 | Fv 48 Tunnel bak Tysse | 210 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 210 | Tatt i bruk |
| 209 | Fv 209 Storskaret-Arefjord, Fjell | 62 170 | -79 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -79 000 | -16 830 | bygging/anleggsarbeid |
| 158 | Fv 158 Grindavoll-Lepsøy, Os | 32 917 | -30 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -30 000 | 2 917 | Prosjektering/grunnerverv |
| 6 | Fv 6 Haugalandspakken Fv6 Sveio-Buavåg | 23 605 | -4 400 | -5 900 | -14 700 | 0 | 0 | 0 | 0 | -25 000 | -1 395 | bygging/anleggsarbeid |
| 567 | Fv 567 Hosanger sentrum | 15 224 | -11 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | -1 000 | 0 | -12 000 | 3 224 | Tatt i bruk og ferdig |
| 545 | Fv 545 Stord vestside | 10 772 | -1 500 | -5 200 | -4 900 | 0 | 0 | 0 | 0 | -11 600 | -828 | |
| 562 | Fv 562 Askøybrua - gjerde | 5 796 | -7 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -7 000 | -1 204 | bygging/anleggsarbeid |
| | Askøypakken | 34 246 | -8 500 | -34 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -42 500 | -8 254 | |
| | Kollektivterminal, Voss | 2 526 | -3 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -3 000 | -474 | Prosjektering |
| 563 | Fv 563 Rundkjøring Florvåg | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -187 | 0 | -187 | -187 | ferdig |
| | Jondalstunnelen | 376 | 0 | 0 | -962 | 0 | 0 | 0 | 0 | -962 | -586 | Tatt i bruk |
| 567 | Hauge - Lonevåg | 11 | 0 | -3 700 | 3 700 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 11 | ferdig |
| | HUNDVÅKØY - HUFTARØY | 0 | -236 | 200 | 36 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | ferdig |
| 122 | Fv 122 Venjaneset-Strandvik | 9 347 | -10 000 | 0 | 0 | 300 | -300 | 0 | 0 | -10 000 | -653 | Ferdig |
| 544 | Fv544 Tofte - Ranavik | -225 | -37 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -37 | -262 | ferdig |
| | Kleppestø - Ask | 107 | -62 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -62 | 45 | Tatt i bruk og ferdig |
| 315 | Fv 315 Undergang Ringheimsvegen, Voss sentr | 3 051 | -5 300 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -5 300 | -2 249 | ferdig |
| 48 | Fv 48 - Løfallstrand - Årsnes | 256 | -37 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -37 | 219 | ferdig |
| 565 | Fv 565 Marås - Soltveit | 3 156 | -5 600 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -5 600 | -2 444 | planlegging |
| | Bomstasjonar | 421 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 421 | planlegging/prosjektering |
| | E39 Knarvik sentrum - oval rundkøyring | 44 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 44 | planlegging/prosjektering |
| | Åsen-Helleskaret | 4 817 | -4 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -4 000 | 817 | Prosjektering |
| | **SUM STREKNINGSVISE PROSJEKT MED LØYVING GITT I LEVERANSEAVTALEN FOR 2016** | **482 971** | **-234 672** | **-267 800** | **-16 756** | **300** | **-300** | **-1 187** | **-3 000** | **-523 415** | **-40 444** | |
| 49 | Fv49 Uggdal-Uggdalseidet | -979 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -979 | Tatt i bruk |
| | Rundkjøring Strusshamn | 0 | 0 | 142 | -142 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | ferdig |
| | Bjørgeveien-Straume-Sandeide | 8 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 8 | feilføring |
| | **SUM STREKNINGSVISE PROSJEKT UTAN NY LØYVING I 2016** | **-972** | **0** | **142** | **-142** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **-972** | |
| | **SUM STREKNINGSVISE PROSJEKT TOTALT** | **481 999** | **-234 672** | **-267 658** | **-16 898** | **300** | **-300** | **-1 187** | **-3 000** | **-523 415** | **-41 416** | |

Tabellen syner resultat for dei strekningsvise prosjekta utanfor Bergen. Rekneskapstala er samla sum for fylkeskommunal løyving, tilskot, forskot og bompengar. Det er eit mindreforbruk på om lag 41,4 mill.kr som er ca. 7,9% av løyvinga.

Omtale av prosjekt med vesentlege avvik:

**Fv.7/49 Kvammapakken**
fekk i 2016 eit meirforbruk på 5,5 mill.kr. Arbeid på strekninga Nes – Norheimsund har gått raskare enn føresett ved 1. og 2. tertialrapportering i 2016. Svv har vunne rettsaken mot entreprenøren på prosjektet Vikøy – Norheimsund. Dermed kjem konterte rekningar frå 2013 på vel 17 mill. kr til fråtrekk på rekneskapen i 2016.

| Delprosjekt | Status | Kommentar |
|---|---|---|
| Fv 7 Øystese vest - Nes | Ferdig | |
| Fv. 49 Lingaparsellen | Ferdig | Det kjem noko restkostnadar i 2016. |
| Fv. 49 Vikøy - Norheimsund | Stor sett ferdig | Hovuddelen av prosjektet er ferdig, men det står att ein kort strekning i Vikøy sentrum. Planar for |

| | | |
|---|---|---|
| | | strekninga er klare. Restkostnaden er rekna til om lag 16 mill. kr. Det er per i dag ikkje finansielt rom for å gjennomføre tiltaket innanfor tilgjengelege midlar i Kvammapakken. Vi ser no på mulegheiten for å gjere mindre reguleringsendringar på Vikøy. |
| Fv. 7 Nes - Norheimsund | Bygging pågår | Prosjektet er no venta ferdig sommaren 2017. Den resterande delstrekninga, frå Evighetssvingen til Norheimsund er det no skrevet kontrakt på. Totalkostnadane er innanfor våre kostnadsanslag. |
| Fv. 7 Skarpasvingen - Øystese aust | Regulerings-plan, mindre delstrekning under bygging | Det er ikkje finansielt rom for å gjennomføre heile prosjektet innanfor tilgjengelege midlar i Kvammapakken. Mindre arbeid på strekninga ved Stronde er ferdigstilt. Svv vil selje tomtearealet ved Stronde. Salssum er venta å kome til fråtrekk på rekneskapen i 2017. |
| Fv 7. Bosstippen/Skeianeset | Regulerings-plan | Dette prosjektet er det ikkje finansielt rom for å gjennomføre innanfor tilgjengelege midlar i Kvammapakken. |
| Fv. 7 Kvamskogen G/S | Regulerings-plan | Prosjektet er regulert. Det vert arbeid med moglege alternative løysingar for å løyse rekkefølgjekrav. Det er ikkje midlar att i Kvammapakken til å gjennomføre tiltak her. |
| Kryss fv7/rv13 på Kjærland i Gran | Regulerings-plan | Det er løyvd midlar til å bygge eit stoppsted i Kjærlandskrysset med informasjonstavle for reisande over programområda. Dette vert ikkje gjort med midlar i Kvammapakken. |

**Fv. 6 Haugalandspakken – Sveio - Buavåg**
fekk i 2016 eit mindreforbruk på 1,4 mill. kr. Prosjektet fekk seinare anleggstart enn planlagt, fordi det har teke lengre tid å inngå grunnavtalene enn føresett. Difor vart budsjettet justert ned i 2016. Framdrifta er no i samsvar med plan.

**Fv. 542/542 Bømlopakken**
Fekk eit mindreforbruk på 18,5 mill. kr. Framdrifta er raskare enn planlagt på enkelte prosjekter, men rekningane kom ikkje i tide for å få dei med på rekneskapen i 2016.

| Delprosjekt | Status | Kommentar |
|---|---|---|
| Fv 542 Røyksund bru med veg (nord) | Bygging/ anleggsarbeid | Kontrakt er inngått. Venta ferdig juni 2017. |
| Fv 18 Klubbo – Bømlo | Ferdig | |
| Fv 541 Hestaneset - Tjong | Ferdig | Sluttoppgjer ferdig. Budsjettoverskriding med 10 mill.kr. |
| Fv 541 Sakseid-Hestaneset | Regulerings-plan | Forslag til reguleringsplan er sendt kommunen. Reguleringsplanen er venta godkjent våren 2017. Anleggsstart årsskiftet 2017/2018. |
| Fv19 Rubbestadneset-Rolfsnes. | Reguleringsplan | Reguleringsplan pågår. |
| Fv.541 Tjong-Løvegapet | Bygging/ anleggsarbeid | Kontrakt med entreprenør er inngått og tiltaket er venta ferdig november 2017. |

| | | |
|---|---|---|
| Fv 542 Røyksund-Eikeland | Ferdig | |
| Fv542 Planl. bomstasjon Spissøy | Ferdig | |
| Fv.14 Stavland-Bjødledalen | Ferdig | |
| Fv542 Stokkabekken-Siggjarvåg | Bygging/ anleggsarbeid | Framdrift og økonomi i hht plan. Prosjektert opnar i juni 2017. |
| R541 Rubbestadneset – Miljøgate | Ferdig | |
| Fv 542 Hollundsdalen – Stokkabekk | Ferdig | |
| Fv541 Stokkabekken-Rubbestadneset | Tatt i bruk/ Ferdig | Reklamasjonssak mot entreprenør, grunna setningsskader |

**Fv. 158 Grindavoll - Lepsøy**
Vart det eit meirforbruk på 2,9 mill. kr i 2016. Strekninga som er under bygging er Grindavoll - Vågshaugen. Prosjektet har starta opp seinare enn planlagd som følgje av utfordringar med prosjekteringa. Det er venta ferdigstilling av prosjektet 1. kvartal 2017. I samråd med fylkeskommunen er prosjekteringa av tiltak i Garvika stoppa. Svv har kome fram til at det er vanskeleg å bygge fortau på eksisterande veg utan å utbetre vegen samtidig. Dette vert mykje dyrare enn føresett.

**Fv. 545 Stord vestside**
Vart det eit mindreforbruk på 0,8 mill. kr i 2016. Rimbareid – Vik er kontrakt inngått med entreprenør. Status på delprosjekta;

| **Delprosjekt** | **Status** | **Kommentar** |
|---|---|---|
| Fv. 545 Sagvåg bru | Ferdig | Arbeidet er ferdig. |
| Fv. 545 Rimbareid-Vik | Bygging/ anleggsarbeid | Prosjektering vart forseinka grunna meir omfattande utfordringar knytt til ytremiljø og grunnerverv. Kontrakt med entreprenør vart inngått seinhauses. Entreprenøren har lagt opp til ei meir intensiv drift og det er mogeleg det vert forsering av anleggsarbeidet. |
| Fv. 545 Fitjar sentrum | Regulerings-plan | Fitjar kommune har utarbeidd reguleringsplan. Vi må avklare kva som skal byggast med midlar frå Stord vestside. Det er planlagt ein bussterminal som ikkje er føresett finansiert i St. prp. Prosjektet må prosjekterast. Byggeplan er under arbeid både for sentrum og kollektivknutepunkt. Vi klarer ikkje anleggstart i år. |
| Fv. 545 Kommunegrensa | | Reguleringsplanlegging pågår. |
| Fv. 545 Sagvåg sentrum | Reguleringsplan | Kommunen ynskjer at rundkøyring i Svikkarsvingen vert prioritert. Det må avklarast kva som kan byggast med midlar frå Stord vestside. |

**Fv. 567 Hosanger sentrum**

Vart det i 2016 eit meirforbruk på 3,2 mill. kr. Prosjektet er ferdigstilt og sluttoppgjer med entreprenør er ferdig. Totalkostnadane for prosjektet vart nær 55 mill. kr. Årsaka til at kostnadane vart noko høgare enn kostnadsoverslaga, var at kvaliteten på steinmassane i fjellskjeringa var dårlegare enn føresett. Det var og utfordringar knytt til at kommunale kart ikkje hadde god oversikt over kablar og rør i området. Det vert snart levert sluttrapport på prosjektet.

**Fv 562 Askøybrua – gjerde**
har eit mindreforbruk på 1,2 mill.kr i 2016. Det vart tidlegare valt å forsere montering av rekkverk. Som følgje av fare for at rekkverket skulle tette seg med snø og gjere brua ustabil,  vart det bestemt å sette rekkverk oppå det eksisterande rekkverket. Dette er ei uheldig estetisk løysning, men rimerelegare. Arbeidet vert ferdig i 2017.

**Kollektivterminal Voss**
har eit mindreforbruk på 0,5 mill. kr i 2016. For 2016 er det drive prosjektering og samordning med andre aktørar i prosjektet. Prosjektet er klart til utlysning, men vert ikkje lyst ut før det er fullfinansiert.  Oppstart av prosjektet er avhengig av ROM si framdrift på terminalbygg/gondolbygg. Det står og att å avklare ein liten del av arealet med ein grunneigarar. Fortsatt usikkert når prosjektet kan lysast  ut og når vi kjem i gang.

**Fv. 209 Storskaret–Arefjord, Fjell**
vart det i 2016 eit mindreforbruk på 16,8 mill.kr. Prosjektet kom litt seinare i gang i 2016 enn planlagt. Entreprenøren arbeide raskt i starten og vi venta difor ikkje økonomisk avvik på prosjektet ved tertialrapporteringane. På slutten av året fekk prosjektet ein stans i arbeidet med gangbrua på 5 ukar (mellom anna grunna indusert spenning) og ei omlegging av OPI-kanalen. Dette gjorde at prosjektet ikkje fekk brukt tildelte midlane for 2016. Gangbrua blei støypt i januar 2017 og OPI-kanalen leggjast i januar og februar 2017. Det er ikkje venta at desse utfordringane vil føre til ein vesentleg kostnadsauke totalt i prosjektet.

**Askøypakken**
har eit mindreforbruk på 8,3 mill.kr i 2016. Årsaka til mindreforbruk er at framdrift på grunnkjøp og prosjektering har gått seinare enn planlagt. Difor kjem ein ikkje i gang med bygging så rask som føresett. Nedanfor er status for delprosjekta i pakken omtalt.

| **Delprosjekt** | **Status** | **Kommentar** |
|---|---|---|
| Fv.563 Florvåg – Erdal (Bakarvågen) | Ferdig | Vegen er teken i bruk. Prosjektet er under avslutning. Mindre kostnadsdeling med Askøy kommune står att. |
| Fv. 563 Strømsnes - Hop | Prosjektering og grunneververv | Prosjektering er nesten ferdig. Grunnkjøp går ikkje like raskt som planlagd grunna kapasitet internt. Prosjektet er og forseinka grunna behov for reguleringsendring. Reguleringsendring er forventa vedtatt i byrjinga av 2017. Konkurransegrunnlag vart ikkje klart for utlysning i 2016. Det vert vurdert om entreprisen må delast i to grunna utfordrande grunnerverv på delar av strekninga. Reknar med utlysning våren 2017. |

| | | |
|---|---|---|
| Fv 212 Lindhaugen - Slettebrekka | Bygging/ anleggsarbeid | Prosjektet vart delt i to i løpet av 2016. Det vart inngått kontrakt med entreprenør i august mnd. Entreprenør har ikkje oppnådd planlagd framdrift og difor er prosjektet etter i tid. |
| Fv 212 Slettebrekka - Hetlevik | Prosjektering og grunnerverv | Prosjektet vart delt i to i løpet av 2016. Det vart inngått kontrakt med entreprenør i august mnd. Entreprenør har ikkje oppnådd planlagd framdrift og difor er prosjektet etter i tid. |
| Askøypakken Fv 562 Fauskanger | Regulerings-plan | Reguleringsplan er sendt til Askøy kommune. Ventar godkjenning tidleg i 2017. |
| Askøypakken Fv 213 Skiftesvik – Marikoven | Prosjektering og grunnerverv | Grunna redusert bemanning har framdriften på prosjektering blitt redusert. Prosjekteringa er noko utsett grunna vedtak i kontaktutvalet om å ugreie nytt tunnelalternativ. Det vart arbeidd vidare med prosjektering utover hausten. |
| Askøypakken kollektivtiltak – fv | Planlegging, Prosjektering og grunnerverv | Kostnader til grunnundersøkelser og innmålinger vart større enn føresett. Det vart gjort prosjektering av kollektivtiltaka; Djupamyr, Follese skole, Flagget og Solviken. Svv venta på avklaring frå Skyss om tiltaket Ravnanger terminal skal ha allround tavle. Tiltaket Follese skole har det vore gjennomført grunnundersøkelser. Grensedalen er prosjekteringen ferdig av nytt buss skur. |
| Askøypakken planlegging | | Under arbeid |
| Askøypakken Fv 562 Skansen (Kleppe) | Ferdig | Prosjektet er ferdig. Prosjektet hadde eit meirforbruk og kommunen som var byggherre vil løfte sak til Fylkestinget for å få dekka meirforbruket via Askøypakken. |
| FV563 Bakarvågen | Ferdig og tatt i bruk | Oppmålingskostnader kom tidlegare enn føresett. Det er framleis uavklart faktura med entreprenør. |
| Askøypakken bomstasjoner | Ferdig og tatt i bruk | Uføresette reperasjoner av bomstasjonene vart gjennomførd i 2016. |

**Fv. 107 Jondalstunnelen**
Hausten 2015 vart det gjennomført 3-års sluttbefaring. I samband med at perioden for innkrevjing av bompengar på ferja Tørvikbygd - Jondal vart korta ned, vart det innbetalt mindre bompengar enn føresett. Fylkeskommunen har gitt tilsegn om å dekke dei tapte inntektene. I tillegg stod det att noko restarbeid som heng saman med underskader på vegen, som må utbetrast før prosjektet kan overførast til drift.

**Fv. 48 Tunnel bak Tysse**
Fekk eit lite meirforbruk på 0,2 mill.kr i 2016. Meirforbruket heng saman med at prosjektet fekk eit nytt krav frå ein grunneigar i samband med tilbakeføring av dyrka areal. Det var venta eit litt høgare meirforbruk på til saman 0,5 mill.kr da det var rekna med å få med avslutta kartforretning. Desse kostnadene kjem først i 2017.

**Fv. 122 Venjaneset-Strandvik**
Fekk eit mindreforbruk på 0,7 mill.kr i 2016. Prosjektet er ferdig, men det står att noko grunnerverv som kjem først til utbetaling i 2017. I tillegg kjem det noko mindre avsluttande byggherrekostnader.

**Fv. 544 Tofte – Ranavik**
Fekk eit mindreforbruk på nær 0,3 mill.kr. Prosjektet er ferdig.

**Kleppestø – Ask**
Prosjektet er ferdig og er teke i bruk.

**Fv. 315 Undergang Ringheimsvegen, Voss sentrum**
Det vart i 2016 eit mindreforbruk på 2,2 mill.kr. Prosjektet er ferdig og det er ikkje forventa fleire kostnader her. Prosjektet vart rimlegare enn budsjettert.

**Fv. 48 - Løfallstrand – Årsnes**
Det vart eit lite meirforbruk i 2016 på prosjektet med 0,2 mill.kr. Prosjektet er ferdig.

**Fv. 565 Marås – Soltveit**
Forberedande arbeid til Nordhordlandspakken som er utført hadde mindre omfang enn planlagd. Deler av dette arbeidet vert utført i 2017. Nokre aktivitetar er også blitt rimelegare enn det vi såg føre oss, difor er det eit mindreforbruk i 2016 på 2,4 mill.kr på prosjektet.

**Bomstasjonar**
I samband med E39 Midtdeler på Flatøy er det utført forberedande arbeid med den eine bomstasjonen. Det er lagt ned trekkerør og fundament. Vi har også starta planlegging og prosjekteringen av alle bomstasjonene i Nordhordlandspakken. Dette er nødvendig for å starte innkreving tidleg i 2018. For 2016 vart det eit meirforbruk på prosjektet med 0,4 mill.kr.

**Åsen-Helleskaret meirforbruk på 0,8 mill.kr i 2016**
Det er eit meirforbruk i 2016 på 0,8 mill.kr på prosjektet. Prosjekteringa var ferdig 21.12. 2016. Grunnerverv er utførd og difor er det kome meir kostnader enn først rekna med. Det er ikkje venta ein meirkostnad i høve totalbudsjettet.

**Fv. 49 Uggdal-Uggdalseidet**
I 2016 vart det eit mindreforbruk på ca. 1 mill.kr på prosjektet. Prosjektet er ferdig. Årsak til mindreforbruk er at ved årsskiftet 2015/16 fekk en kreditnota på sluttoppgjør som kom med først i 2016. I tillegg kom ikkje kartforretning med i 2016.

#### 3.1.1.2. Programområde utanfor Bergen og standardheving

Det er eit mindreforbruk på om lag 20,3 mill. kr på programområda og standardheving som utgjer 6,9% av løyvinga. Dette inkluderer Punktutbetring og trygge skulevegar. I hovudsak er det mindreforbruk på tilskot og statlege sykkelmidlar (belønningsmidlar) som

ikkje kan omdisponerast til andre formål. Det er kun eit mindreforbruk på 0,7 mill. kr knytt til fylkeskommunale midlar totalt.

Det er gjort mange omdisponeringar i 2016 mellom programområda og innanfor dei enkelte programområda. Trenden for avvika er mellom anna endringar i framdrift som heng saman med sluttoppgjer, grunnerverv, behov for reguleringsendringar, godkjenning av planer, skader og kapasitetsproblem på prosjektering og byggherresida. Særskilt har prosjektering- og byggherrekapasitet på tunnelsida ført til ledige midlar som vart omdisponert. Andre type avvik som oppstår er mengdeendringar, uklare eigedomsforhold, manglande planavklaringar. Det vert også ført ein del kostnader på gamle prosjekter som sluttrekningar, kartmålingar og grunnerverv.

Programområdet Mindre utbetringar skil seg ut med eit større mindreforbruk på totalt 11 mill. kr. 10 mill. kr av dette mindreforbruket er kommunalt tilskot til Hellandkrysset. Dette er ikkje henta inn. På programområdet Gang- og sykkeltiltak er det eit mindreforbruk på 10,8 mill. kr. I hovudsak er dette knytt til prosjekta fv. 61 Skrivervegen og Svortland sentrum, Tverråna. Desse prosjekta fekk løyvd statlege sykkelmidlar våren 2016. Det har teke tid med planavklaringar og grunnerverv og vi kom ikkje i gang med bygging i 2016.

På standardheving er det eit meirforbruk totalt på 7 mill. kr. Meirforbruket er ikkje reelt sett så stort då skadeerstatning knytt til utbetringar på Hatvik ferjekai kjem med i rekneskapen i 2017. Det er venta mindreforbruk på tunellar med ca. 1,3 mill. kr, sjølv etter gjennomførde omdisponeringar. Dette kjem av utfordringar knytt til prosjektering- og byggherrekapasitet. Det er sett i verk tiltak for å betre dette i åra som kjem. Det er m.a. tilsett nye byggeleiarar innanfor tunnel og elektro. Det har og teke tid å få godkjent planlagde tiltak i Vegdirektoratet. godkjenning av utbetringsplanane no lagt til Svv Region vest. Ventelig vil dette betre framdrifta for dei resterane tunnelgodkjenningane.

For ytterlegare informasjon, sjå vedlegg 1.

## 3.1.2. Status prosjekt i Bergensprogrammet

Tab 15

tall i hele tusen kr

| PROGRAMOMRÅDE | REGNSKAP HIÅ | F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING) | OVERFØRTE BOMPENGAR | BOMPENGAR | OVERFØRTE BELØNNINGSMIDLAR | BELØNNINGSMIDLAR | OVERFØRTE FORSKOT | OVERFØRTE TILSKOT | TIL DISP 2016 * | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| STORE/MINDRE PROSJEKT | 48 272 | -3 070 | -10 467 | -77 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | -90 537 | -42 265 |
| GANG OG SYKKELTILTAK | 168 595 | -103 700 | 0 | -6 346 | -11 429 | 0 | 0 | -4 000 | -185 325 | -16 730 |
| TRAFIKKSIKRINGSTILTAK | 54 837 | -53 811 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -53 811 | 1 026 |
| MILJØTILTAK | 20 646 | -8 989 | -9 011 | 0 | -500 | 0 | 0 | 0 | -23 500 | -2 854 |
| KOLLEKTIVTILTAK | 89 416 | -48 600 | -15 325 | 0 | -27 063 | 0 | 0 | 0 | -140 738 | -51 323 |
| ANDRE STREKNINGSVISE TILTAK | 23 751 | -14 900 | 0 | 0 | 0 | 0 | -3 000 | 3 000 | -36 400 | -12 649 |
| KOMMUNIKASJON I BERGENSPROGRAMMET | 2 597 | -3 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -3 000 | -403 |
| PLANLEGGING | 77 323 | -1 500 | 0 | 0 | -40 000 | -30 000 | 0 | 0 | -71 500 | 5 823 |
| **SUM PROSJEKT I BERGENSPROGRAMMET** | **485 437** | **-237 570** | **-34 803** | **-83 346** | **-78 992** | **-30 000** | **-3 000** | **-1 000** | **-604 811** | **-119 374** |
| BYBANEPROSJEKTENE | 445 900 | 0 | 0 | -550 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | -550 000 | -104 100 |
| **SUM PROSJEKT I BERGENSPROGRAMMET INKL. BYBANEPROSJEKTENE** | **931 337** | **-237 570** | **-34 803** | **-633 346** | **-78 992** | **-30 000** | **-3 000** | **-1 000** | **-1 154 811** | **-223 474** |

Tabell 15 syner totaloversikt for hovudpostane i Bergensprogrammet. Oversikten inkluderer også løyvingane til Bybanen. Endeleg mindreforbruk er om lag 223,5 mill.kr for Bergensprogrammet i 2016. Av dette utgjer Bompengar knytt til Bybanen vel 100 mill. kr, bompengar knytt til Ringveg Vest 39 mill. kr og Hjellestadvegen ca. 1 mill. kr. Belønningsmidlar og eksterne tilskot som i tråd med plan og byggeprogram for 2017 er overførd frå 2016 til bruk i 2017 utgjer høvesvis ca. 50 og ca. 12 mill. kr. Status og avvik for dei strekningsvise tiltaka er omtala under i hovudrapporten og programområda er omtala meir detaljert i vedlegg 1.

### 3.1.2.1. Store prosjekt i Bergensprogrammet (L315)

Tab 16

tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | REGNSKAP HIÅ | F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING) | OVERFØRTE BOMPENGAR | BOMPENGAR | TIL DISP 2016 * | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP | FASE |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Bybanen III | 390 000 | 0 | 0 | -450 000 | -450 000 | -60 000 | |
| | Bybanen IV - prosjektering | 55 900 | 0 | 0 | -100 000 | -100 000 | -44 100 | |
| 557 | Ringveg vest II | 26 669 | -10 000 | 12 000 | -70 000 | -68 000 | -41 331 | pågår |
| 566 | Hjellestadvegen (blomsterdalen-Ådland bro) | 21 604 | 0 | -15 537 | -7 000 | -22 537 | -933 | prosjektering, grunnerverv |
| | **Sum store prosjekt med løyving** | **494 172** | **-10 000** | **-3 537** | **-627 000** | **-640 537** | **-146 365** | |
| 557 | Ringveg Vest, 1.Byggetrinn | 0 | 6 930 | -6 930 | 0 | 0 | 0 | ferdig |
| | **Sum store prosjekt utan løyving** | 0 | 6 930 | -6 930 | 0 | 0 | 0 | |
| **SUM** | **store prosjekter** | **494 172** | **-3 070** | **-10 467** | **-627 000** | **-640 537** | **-146 365** | |

**Bybanen III og IV**

Uttak av bompengar vert gjort i høve til signaliserte kostnader i 2016. HFK fører rekneskap og rapporterer til Svv.

**Fv. 557 Ringveg Vest byggesteg II**

Tiltaket opna for trafikk 12.november 2015. Tiltaket hadde eit meirforbruk på 12 mill.kr i 2015 og budsjettet vart ikkje justert, då det var uvisse om utfallet av pågåande sluttoppgjer med hovudentreprenøren. Sluttoppgjeret er avslutta og kostnadene vart dekka inn i junitinget 2016. Samstundes hadde prosjektet ein prognose som tilsa at det var naudsynt å auke budsjettet med 20 mill. kr, då arbeidet med oppgradering av Lyderhornstunnelen skulle starte august 2016.

Arbeidet var ein føresetnad for tryggleiksgodkjenning av Ringveg vest byggesteg II. Bergensprogrammet bidreg som føresett til finansieringa av oppgraderinga. Det er lagt opp til at tunnelen skal ha same standard som Knappetunnelen med ventilasjon, elektro, overvaking, styresystem, naudstasjonar etc. Framdrift og utlysning av tiltenkte oppgraderingar var forseinka og arbeida starter fyrst opp februar 2017. På grunn av dette vart det eit mindreforbruk på vel 41 mill.kr. i 2016.

**Fv. 566 Hjellestadvegen**

Godkjend reguleringsplan ligg føre. I 2016 vart det gjennomført prosjektering og grunnerverv. Styringsgruppa i Bergensprogrammet har godkjend å leggje ein fullverdig standard til grunn i prosjektet og å breiddeutvide ei bru ved anleggsområdet. Kostnadsramma for prosjektet er oppjustert til 160 mill.kr. som følgje av dette. Prosjektet er lyst ut og det er venta anleggsstart i april 2017. Tiltakets utstrekning skal tilpassast gitt kostnadsramme og Svv er påpasselege med dette ved kontraktsinngåing.

#### 3.1.2.2. Programområde i Bergensprogrammet

Det vart eit mindreforbruk på om lag 77,1 mill. kr på programområda som utgjer 15% av løyvinga. Av dette avviket er 47,5 mill.kr knytt til belønningsmidlar/ statlege tilskotsmidlar for auka sykkelbruk. Mindreforbruket vert overførd til neste år, i stor grad for å sikre fullfinansiering av pågåande prosjekt. Dette er i tråd med føresetnadene ved utarbeiding av plan- og byggeprogram for 2017. Mindreforbruk knytt til belønningsmidlar gjeld spesielt fleire tiltak innan programområdet kollektiv, der for eksempel etablering av kollektivfelt og sykkelveg med fortau i Fyllingsdalen, frå Allestadveien til Skarphaugen, åleine utgjer eit mindreforbruk på 24 mill. kr.

Trenden for avvika som ikkje skuldast overførde belønningsmidlar, er mellom anna endra framdrift som heng saman med behov for konkretisering av tiltak, framdrift på prosjektering/omprosjekteringar, manglande godkjenning av planer og at utarbeiding av konkurransegrunnlag har teke lengre tid enn føresett.

Det er avvik på fleire prosjekter under programområda, men dei fleste avvika er teke omsyn til og føresett ved utarbeiding av budsjett for 2017.

Innan Gang og sykkel er dei viktigaste avvika knytt til manglande rekvirering av eksterne midlar i prosjektet Salhusveien, då det er trong for desse midlane først i 2017. Vidare kan nemnast manglande fakturering av utførd grunnerverv knytt til gang og sykkeltiltak i knutepunkt, konkret på Paradis og til skilting og oppmerking av hovudsykkelruter i sentrale strøk. Dette er alle tiltak som er i god gjenge og fakturering vil skje fortløpande.

Innan trafikksikringstiltaka er det ei rekke mindre avvik på dei enkelte budsjettpostane og samla er det eit avvik på 1 mill.kr. på programområdet. Dei fleste tiltaka er avslutta i 2016.

Miljøtiltaka er prega av framdrifta på anleggsarbeidet i Kong Oscarsgate som må ta omsyn til krav frå antikvariske myndigheiter.

Programområdet kollektiv har det største avviket innan programområda. Dette skuldast at fleire av tiltaka lokalisert i Åsane inngår i ein samlekontrakt som har anleggsstart våren 2017 og at inngått rammeavtale for oppgradering av haldeplassar kom til realisering seinare

enn først føresett. Avvika er i stor grad knytt til belønningsmidler som er overførd til bruk i 2017.

Elles må programområdet planlegging nemnast særskild. Ved utarbeiding av plan og byggeprogram for 2017 vart det prognostisert at ca. 20 mill.kr i belønningsmidlar ville bli overførd frå 2016 til bruk i 2017. På grunn av at reguleringsplanarbeidet for Bybanen til Fyllingsdalen vart mykje dyrare enn føresett blir det ikkje førd over slike midlar til 2017. Planbudsjettet for 2017 ligg derav ca. 20 mill.kr lågare enn føresett ved budsjettfastsettinga.

For ytterlegare informasjon om dei konkrete tiltaka under programområda, sjå vedlegg 1.

### 3.1.2.3. Generelt om belønningsmidlar

(tall i heile tusen kr)

| Belønningsmidlar | Regnskap | Overført frå 2015 til 2016 | Årets løyving 2016 | Tildisp | Avvik mellom tildisp og regnskap |
|---|---|---|---|---|---|
| I Bergen | 154 094 | -78 992 | -122 600 | -201 592 | -47 498 |
| Utanfor Bergen | 599 | -2 049 | -5 750 | -7 799 | -7 200 |
| Sum | 154 693 | -81 041 | -128 350 | -209 391 | -54 698 |

Det var eit samla mindreforbruk på ca. 54,7 mill.kr i belønningsmidlar til investeringstiltak i 2016.
For Bergen kom tildelinga av midlar for 2015 seint på hausten og difor vart ein stor del av desse ikkje nytta i 2015. Midlane vart overført til bruk i 2016. For tiltaka der HFK eller Bergen kommune er byggherre/ har ansvar for realisering, utbetaler Svv midlar etter framdrift. Dette er i tråd med avgjerd i styringsgruppa i Bergensprogrammet.
Belønningsmidlar inngår som ein del av finansieringa av tiltak i Bergensprogrammet.
Ekstra tildeling av belønningsmidlar for sykkel i 2016 er teke med i leveranseavtalen.

Mindreforbruk på 54,7 mill. kr vert overførd til finansiering av pågåande tiltak i 2017. Fleire av desse midlane er naudsynte overføringar for å få budsjettet i Bergensprogrammet i 2017 til å gå i balanse. Ved utarbeiding av plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet for 2017 vart det estimert eit mindreforbruk på ca. 70 mill. kr. på denne posten. Reduksjonen som no ligg føre skuldast i hovudsak auke i kostnader knytt til utarbeiding av reguleringsplanen for Bybanen IV til Fyllingsdalen.

Midlane utanfor Bergen er statlege tilskotsmidlar til sykkel som i tråd med levernaseavtalen er førd under løyvingskode for belønningsmidler. Dette avviket er kommentert under omtalen av programområdet gang og sykkeltiltak utanfor Bergen.

# 4. Rassikring av fylkesvegar

## 4.1.1. Rassikring av fylkesvegar (L410) inkludert statleg tilskot

Tab. 25 tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | Regnskap hiå | Overført | FK midlar 2016 | Tilskot frå Staten | Tildisp | Avvik tildisp og regnskap | Fase |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 344 | FV 344 Oddaneset | 11 084 | 0 | -18 000 | 0 | -18 000 | -6 916 | bygging/anleggsarbeid |
| 7 | Fv-7 Haukanesberget | 36 822 | 0 | -1 000 | -39 000 | -40 000 | -3 178 | avslutning |
| 7 | Fv7 Skredsikring Lussandberge | 96 595 | 0 | -75 400 | -17 600 | -93 000 | 3 595 | avslutning |
| | Diverse rassikringstiltak | 2 935 | 0 | -600 | -3 400 | -4 000 | -1 065 | ferdig |
| **Sum Rassikring - løyvde midlar** | | **147 436** | **0** | **-95 000** | **-60 000** | **-155 000** | **-7 564** | |
| 572 | Fv 572 Eddegjelet/Torgilsberg | -47 | -47 | 0 | 0 | 0 | -47 | ferdig |
| **Sum Rassirkring** | | **147 389** | **-47** | **-95 000** | **-60 000** | **-155 000** | **-7 611** | |

Det er eit mindreforbruk på 7,6 mill.kr som utgjer 4,9 % av løyvinga for 2016.

**Fv. 7 Haukanesberget/ Folkedalstunellen**
Prosjektet vart opna for trafikk 10. november 2015. I 2016 er det gjort nokre restarbeid og sluttoppgjer. Alle kostnader til entreprenør er utbetalt. Det står att kostnader med erstatning og mindre avsluttande arbeid i samband med grunneigar. (ca. 1 mill.kr). Totalprognose for prosjektet og opphaveleg kostnadsoverslag er uendra.

**Fv. 7 Lussandberget /Bjørgatunellen**
Arbeidet starta opp i januar 2015. Det var gjennomslag i tunnelen november 2015. Tunnelen vart opna for trafikk 16. november 2016. Det er venta at mindre arbeider og sluttoppgjer kjem våren 2017. Meirforbruket på 3,6 mill.kr i 2016 skuldast at faktura kom inn i 2016-rekneskapen, medan vi hadde rekna med at rekningane ville kome i 2017. Totalprognose for prosjektet og opphaveleg kostnadsoverslag er uendra.

**Fv. 344 Oddaneset**
Prosjektet vart sett i gang hausten 2016 og har hatt full produksjon fram til snøen kom og det var rasfarlig i området. Prosjektet startar opp att for ferdigstilling til våren, når det ikkje er rasfarleg lengre. Det vart eit mindreforbruk i 2016 på 6,9 mill. kr på prosjektet.

**Diverse tiltak**
I dette tiltaket inngår fjellsikringsarbeider på fv 136 Haga og fv 123 Eide. I tillegg inngår kostnader knytt til skred på Fv 383 Haugsdalen.

# Vedlegg 1

## Årsrapport for 2016
## Fylkesvegar i Hordaland

(Tal pr. 20. januar 2017)

# Innhald

**1. Innleiing** .... 4

**2. Drift og vedlikehald av fylkesvegar** .... 4

**2.1.1. Drift** .... 4

**2.1.1.1. Drift regulert gjennom faste kontraktar (L210)** .... 4

**2.1.1.2. Drift øvrig (L220)** .... 6

**2.1.2. Vedlikehald** .... 7

**2.1.2.1. Vegoppmerking** .... 7

**2.1.2.2. Bruvedlikehald** .... 7

**2.1.2.3. Dekkelegging** .... 7

**2.1.2.4. Vedlikehald øvrig** .... 7

**3. Investering i fylkesvegar** .... 8

3.1. Status prosjekt utanom Bergen .... 8

**Omtale av programområda og standardheving** .... 9

Mindre utbetringar (L320) .... 9

**Standardhevingstiltak (Investering) (L329)** .... 10

**Gang- og sykkelvegar (L330)** .... 12

**Trafikksikring (L340)** .... 13

**Punktutbetring og tygge skulevegar (L341)** .... 15

**Miljøtiltak (L350)** .... 16

**Kollektivtiltak (L360)** .... 17

**Planlegging (L370)** .... 18

**Grunnerverv (L380)** .... 19

**3.2.** Status prosjekt i Bergensprogrammet .... 19

**Gang- og sykkeltiltak (L335)** .... 20

**Trafikksikringstiltak (L345)** .... 21

**Miljøtiltak (L355)** .... 22

**Kollektivtiltak (L365)** .... 23

**Planlegging (L375)** .... 25

**Eksternt finansierte tiltak (L325)** .... 26

**Kommunikasjon i Bergensprogrammet (L375)** .... 26

**Generelt om belønningsmidlar** .... 27

**4. Rassikring av fylkesvegar** .... 28

**4.1. Rassikring av fylkesvegar (L410) inkludert statleg tilskot** ......................................... 28

# 1. Innleiing

Dette vedlegget tek føre seg meir detaljert informasjon om dei ulike budsjettpostane og kommenterer avvik.

# 2. Drift og vedlikehald av fylkesvegar

Tab 2 tal i hele tusen kr

| Drift og Vedlikehald | Regnskap hiå | FK midlar 2016 | Tildisp | Avvik tildisp og regnskap |
|---|---|---|---|---|
| Drift regulert gjennom faste kontrakter | 349 774 | -350 595 | -350 595 | -821 |
| Drift øvring | 69 190 | -64 953 | -64 953 | 4 237 |
| Bruvedlikehald | 14 128 | -23 000 | -23 000 | -8 872 |
| Vegoppmerking | 20 079 | -10 000 | -10 000 | 10 079 |
| Dekkelegging | 39 062 | -33 000 | -33 000 | 6 062 |
| Vedlikehald øvrig | 3 480 | -4 376 | -4 376 | -896 |
| **Sum drift og vedlikehald** | **495 714** | **-485 924** | **-485 924** | **9 790** |

Det har ikkje vore endringar i løyvinga på drift og vedlikehald hittil i 2016. Samla utgjer venta meirforbruk 9,8 mill.kr som er 2% meir enn løyvinga for 2016. Avviket er knytt opp mot vedlikehald.

### 2.1.1. Drift

For drift av fylkesvegnettet (driftskontraktane), er det venta eit samla meirforbruk på 3,4 mill.kr som er 0,82% meir enn løyvinga for 2016. Dette skuldast i hovudsak at det vart sett i verk tiltak for å redusere tidlegare signalisert meirforbruk mest mogeleg til tross for at det har vore auka kostnader knytt til opprydding etter stormen Nina og vinterdrifta.

#### 2.1.1.1. Drift regulert gjennom faste kontraktar (L210)

Det vart eit mindreforbruk knytt til driftskontraktane på 0,8 mill.kr som er 0,2% mindre enn kva som er løyvd for 2016.

**Diverse skadesaker på fylkesvegane i Hordaland** har gitt ei inntekt på 2,8 mill.kr i 2016.

**Fagkontrakt elektro 1257 2010-2014 drift FV**
Meirforbruket for 2016 på 1,1 mill.kr er knytt opp mot tvist med entreprenør om sluttfaktura for kontrakt som blei avslutta 31.12.15.

**DK 1106 Haugesund 2013-2018 Fv Hordaland**
Mindreforbruket på 2,4 mill.kr kan knyttast til eit betrakteleg rimelegare arbeid med grøfting på fv 5 og at planlagd tiltak i Sveio sentrum på 1 mill. kr ikkje kunne gjennomførast i 2016 utan utlysning. Sistnemnde ønsker Svv å fullføre med samarbeid med Sveio kommune i 2017.

**Funksjonskontrakt 1201 ASOLA fylkesveg 2012-2017**

Det er eit mindreforbruk på 5,6 mill.kr som kan dekke inn venta meirforbruk på ASOLA grønt kontrakten samt inndekking av meirforbruk nyskilting. Orsaka til mindreforbruket er redusert bemanning som følge av arbeidet med ny kontrakt har redusert kapasiteten på byggherresiden til bestilling av tilleggsarbeider.

**Funksjonskontrakt 1201 ASOLA (grøn) Fv. 2012-2017**
Vi forventar eit meirforbruk på 1,7 mill. kr som vert dekka inn via ASOLA kontrakten.

**Driftskontrakt 1207 Stord 2013-2019 fylkesveg**
Meirforbruket på 3 mill. kr er knytt til større variable vintermengder og et veldig seint oppgjer etter ekstremværet "Nina" i 2015. I 2016 vart det sett i gang tiltak for å gjere meirforbruket så lite som mogeleg.

**Driftskontrakt 1203 Nordhordland 2013-2018 fylke**
Meirforbruket på 2,1 mill.kr er knytt til vinterdrifta, opprydding etter ras, opprydding etter stormen Nina, dreneringsarbeid og lapping av vegdekke. Oppgjeret med lapping av dekker vart høgare enn planlagd. I 2016 vart det sett i gang tiltak for å gjere meirforbruket så lite som mogeleg.

**Driftskontrakt 1206 Voss 2014-2019, Fylkesveg**
Det er eit meirforbruk på 11,3 mill.kr i 2016 som mellom anna skuldast ulike verhendingar som skred, flaum o.l. (Tor, Synne m.m.) med 2,4 mill. kr. Vidare har det vore utrasing av mur ved Bulken jerbanestasjon (fv. 312) som kosta 4,2 mill.kr. Større tilleggsarbeid knytt til murfot fv på Folkedal, mur fv 344 Nesheim, mur fv 314 Skjeldal og diverse rekkverk som til saman utgjer 2,75 mill.kr. Meirforbruk vinterarbeid (brøyting og salting) med 1,1 mill.kr. Mindre tilleggsarbeid som ha vore påkrevd (sig i veg, permanent lapping, stikkrenner m.m.) med 0,9 mill.kr.

**Fylkesveg Hordaland kaivedlikehald**
Det er eit mindreforbruk på 1,9 mill.kr som heng saman med at entrepenør har etterslep på utføring av oppgåver. På kontrakten vert kostnadene knytt til reparasjon av skade på Hatvik og Hufthamar ferjekai ført. For dei skadane som skuldast påkøyring av ferjene får vi refundert nettokostnadene med reparasjonen frå forsikringselskapa, men dette kjem i ettertid.

**1204 Hardanger 2011-2016 Fylkesveg**
Det er eit meirforbruk i 2016 på 5,5 mill.kr som gjeld opprydding etter skred og flom (2,5 mill.kr), utbetring av mange synkehull (0,5 mill.kr ), forberedelse til dekkelegging (1,1 mill.kr), utbetring ifm omklasssifisering (0,8 mill.kr), tunnelarbeid/nattillegg ifm bolting i Jona-, Torsnes- og Furebergtunnelen som ikkje var inkl. i kontrakt (0,4 mill.kr), brannvakt i Jondals- og Folgefonntunnelen (0,1 mill.kr) og ekstra nødvendig skogrydding Fv 40 Matre-Åkra (utover tildelt på L260) (0,1 mill.kr.).

**1204 Hardanger 2016-2021 Fylkesveg**
I 2016 vart det eit mindreforbruk på 1,1 mill.kr på den nye kontrakten som vart sett i drift i frå 1. september 2016. Det har vore nytta meir enn planlagd med 0,8 mill.kr som følgje av flomskader på Fv105, Fv107 og Fv550 som oppstod før ny kontrakt, og som ikkje blei ferdigstilt i gammal kontrakt. Arbeid ble derfor bestilt i ny driftskontrakt frå september

2016. I tillegg kom ekstra kostnader på Fv551, Fv40, Fv48 (skred/flom/uvær september 2016). Mindreforbruket vert nytta til å dekke opp venta meirforbruk på den gamle kontrakten.

**E1261 Elektrokontrakt 2016-2024 drift Fv**
Det er eit mindreforbruk på 3,7 mill.kr s. Arbeid som vart bestilt og planlagt i 2016, blei ikkje starta på av entreprenør før januar 2017, og forbruket blei difor litt lågare enn planlagt.

**E1260 Hord Vest Fv 2016-2022**
Det er eit mindreforbruk på 1,4 mill.kr grunna forsinka oppstart med ny entreprenør. Det mengdebaserte arbeidet som var planlagt utført 2016 blir utført i 2017.

**T1211 Drift Fylkesvei tunneler i Bergen 2016-2021**
Dette er det ny vedlikehaldskontrakten knytt til tunneler i Bergen. Her er det eit meirforbruk på 2 mill.kr, som heng saman med at det har vore stor aktivitet på tilleggsarbeid i denne kontrakten, slik at planlagd mengdebasert arbeid ikkje er blitt utført. Utsette mengdebaserte oppgåver planleggjast utført 1 halvår 2017.

#### 2.1.1.2. Drift øvrig (L220)

Her er det venta eit meirforbruk på ca. 4,2 mill.kr som er 6,5% av løyvinga. Kostnadene på denne posten gjeld hovudsakleg straum og tilskot til veglys. Tilskot til veglys er vanskeleg å budsjettere kostnaden ved sidan straumprisen varierer frå år til år.

**Reinhald Fv. Bergen sentrum**
Her er det i 2016 eit meirforbruk på 0,625 mill.kr. Det vart på ettersumaren 2015 inngått ny reinhaldsavtale med Bergen kommune. Denne vart dyrare enn den førre kontrakten og det er årsak til meirforbruket.

**DK1207 Stord Nye objekt FV**
Det er eit meirforbruk på 2,1 mill.kr i 2016. Prosjektet vert gjennomført saman med driftskontrakten på fylke (DK1207). Drift har overteke ansvaret for fleire ferdigstilte investeringsprosjekt enn planlagt. For å drifte og vedlikehalde desse områda anslår Svv ein kostnadsauke på 2 mill.kr i 2016. Løyvde midlar i 2016 vart 0,5 mill.kr.

**BERGEN DISTRIKT, D/V STRØM FV HORDALAND**
Meirforbruk på 1,9 mill.kr er knytt til straum og tilskot til veglys i 2016.

**FV-NYSKILTING I BERGEN DISTRIKT**
Meirforbruk på 1,3 mill.kr som heng saman med utbytting av gamle falmete skilt/gjennomført skiltregulering.

**Div. driftstiltak – FV**
Mindreforbruk på 1 mill.kr i 2016 heng saman med kreditnota fra 2015 ble trukket inn i 2016.

### 2.1.2. Vedlikehald

Under vedlikehald vart et totalt sett eit meirforbruk på 6,4 mill.kr i 2016 som er 9% høgare enn løyvinga.

#### 2.1.2.1. Vegoppmerking

Det vart ved utgangen av 2016 eit meirforbruk på 10,1 mill.kr som heng saman med økt asfaltering 2015. Då hadde vi ei økonomisk ramme på 100 mill.kr til asfalt mot 33 mill.kr i 2016. Mykje av vegmerking i 2015 vart utsett til 2016. Difor får vi eit stort meirforbruk i 2016.

#### 2.1.2.2. Bruvedlikehald

Det vart eit mindreforbruk på 8,9 mill.kr i 2016 som følgje av at entreprenør kom seinare i gang på ny kontrakt. Det er og halde noko igjen på denne posten for å dekke meirkostnadane med dekkelegging og vegoppmerking.

#### 2.1.2.3. Dekkelegging

I 2016 var behovet for nye dekker på fylkesveg stort. Einskilde stader var dekka så dårlege at vi måtte gjere tiltak for at vegen skulle bli køyrbar. Difor vart det eit meirforbruk på 6,1 mill.kr.

#### 2.1.2.4. Vedlikehald øvrig

Samla i 2016 vart det eit mindreforbruk på 0,9 mill.kr. Det er mange prosjekt med mindre avvik. Det største avviket er;

**DK 1202 Stor-Bergen FV 2015-2020**

Mindreforbruk på 0,3 mill. kr. Den nye entreprenøren har hatt store problem med å komme i gang med si organisasjon for å handtere kontrakten. Dette har igjen ført til at vi har vore avventande med tilleggsbestillingar.

# 3. Investering i fylkesvegar

Tab. 3 — tal i hele tusen kr

| | REGNSKAP HIÅ | F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING) | BOMPENGAR | OVERFØRTE BOMPENGAR | OVERFØRTE BELØNNINGS MIDLAR | BELØNNING SMIDLAR | OVERFØRT FORSKOT | FORSKOT | OVERFØRT TILSKOT | TILSKOT | TIL DISP 2016 | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bergensprogrammet | 485 437 | -237 570 | -34 803 | -83 346 | -78 992 | 0 | -3 000 | 0 | -1 000 | 0 | -604 811 | -119 374 |
| Hordaland (utanom Bergen) | 757 316 | -504 136 | -267 800 | -16 756 | -2 049 | -5 750 | 300 | -300 | -7 187 | -15 400 | -819 078 | -61 762 |
| Totalt | 1 242 753 | -741 706 | -302 603 | -100 102 | -81 041 | -5 750 | -2 700 | -300 | -8 187 | -15 400 | -1 423 889 | -181 136 |
| Bybanen II, III, IV | 445 900 | 0 | 0 | -550 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -550 000 | -104 100 |
| **Sum** | **1 688 653** | **-741 706** | **-302 603** | **-650 102** | **-81 041** | **-5 750** | **-2 700** | **-300** | **-8 187** | **-15 400** | **-1 973 889** | **-285 236** |

Tabellen syner løyvingane for 2016 inkludert overførte løyvingar frå 2015 fordelt på type midlar som er løyvd over Bergensprogrammet og Investeringstiltak i Hordaland utanom Bergen, samt Bybaneprosjekta. Rassikring er ikkje med i tabellen. Rassikring vert omtala i kap. 2.3.

## 3.1. Status prosjekt utanom Bergen

Tab. 4 — tall i hele tusen kr

| | REGNSKAP HIÅ | F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING) | BOMPENGAR | OVERFØRTE BOMPENGAR | OVERFØRTE BELØNNINGS MIDLAR | BELØNNINGS MIDLAR | OVERFØRT FORSKOT | FORSKOT | OVERFØRT TILSKOT | TILSKOT | TIL DISP 2016 | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| STREKNINGSVISE PROSJEKT | 481 999 | -234 672 | -267 800 | -16 756 | 0 | 0 | 300 | -300 | -1 187 | -3 000 | -523 415 | -41 416 |
| MINDRE UTBETRINGER/TIL RÅDVELDE | 20 154 | -18 800 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -12 400 | -31 200 | -11 046 |
| STANDARDHEVINGSTILTAK | 142 733 | -130 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -5 000 | 0 | -135 000 | 7 733 |
| GANG OG SYKKELTILTAK | 6 410 | -8 400 | 0 | 0 | -2 049 | -5 750 | 0 | 0 | -1 000 | 0 | -17 199 | -10 789 |
| TRAFIKKSIKRINGSTILTAK | 34 711 | -36 500 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -36 500 | -1 789 |
| PUNKTUTBETRING OG TRYGGE SKULEVEGAR | 19 482 | -22 464 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -22 464 | -2 982 |
| MILJØTILTAK | 5 009 | -4 850 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -4 850 | 159 |
| KOLLEKTIVTILTAK | 23 916 | -26 250 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -26 250 | -2 334 |
| INNLØYSING AV HUS/EIGEDOMAR | 496 | -1 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -1 000 | -504 |
| PLANLEGGING | 22 406 | -21 200 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -21 200 | 1 206 |
| SUM PROSJEKT FYLKESVEGER UTANOM BERGEN | 757 316 | -504 136 | -267 800 | -16 756 | -2 049 | -5 750 | 300 | -300 | -7 187 | -15 400 | -819 078 | -61 762 |

Tabellen over syner den totale løyvinga og prognosar på strekningsvise prosjekt og programområda utanom Bergen. Dei strekningsvise prosjekta er omtala i hovudrapporten.

Avvik på strekningsvise prosjekt er omtala i hovudrapporten.

## Omtale av programområda og standardheving

Det er venta eit mindreforbruk på om lag 20,3 mill. kr på programområda og Standardheving. Dette inkluderer resultat for Punktutbetring og trygge skulevegar. Mindreforbruket utgjer 6,9% av løyvinga.

I hovudsak er mindreforbruket knytt til tilskot og statlege sykkelmidlar (belønningsmidlar) som ikkje kan omdisponerast til andre formål. Det er kun eit mindreforbruk på 0,7 mill. kr knytt til fylkeskommunale midlar totalt.

Det vart gjort mange omdisponeringar innanfor programområda og mellom programområda gjennom året. Nokre av dei litt større omdisponeringane vert omtalt her, sjølv om ikkje prosjekta har økonomisk avvik i rekneskapen.

### Mindre utbetringar (L320)

Tab 6 tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | Regnskap hiå | F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING) | TILSKOT | TIL DISP 2016 | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP | Fase |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 107 | Jondal Ferjekai | 3 453 | -3 500 | 0 | -3 500 | -47 | ferdig |
| 49 | Holmelia 2 | 3 078 | -500 | -2 400 | -2 900 | 178 | avslutning og tatt i bruk |
| 550 | Aga Kråkevik, tiltak etter TS inspeksjoner | 141 | -200 | 0 | -200 | -59 | planlegging |
| 229 | Nautnes bru - prosjektering grunnerverv | 302 | -1 000 | 0 | -1 000 | -698 | Prosjektering og grunnerverv |
| 551 | Krokaparsellen | 318 | -500 | 0 | -500 | -182 | |
| 48 | Hellandkrysset | 0 | 0 | -10 000 | -10 000 | -10 000 | planlegging |
| 201 | Eide - Spildepollen | 11 017 | -11 000 | 0 | -11 000 | 17 | bygging/anleggsarbeid |
| | Bruvik sentrum-mgp/trafikksikring | 244 | -300 | 0 | -300 | -56 | |
| | Bidrag Solenveg Austrheim | 800 | -800 | 0 | -800 | 0 | ferdig |
| 49 | Fv49 Holmalia | 801 | -1 000 | 0 | -1 000 | -199 | avslutning og tatt i bruk |
| | SUM MINDRE UTBETRINGAR/TIL RÅDVELDE MED LØYVING GITT I LEVERANSEAVTALEN FOR 2016 | 20 154 | -18 800 | -12 400 | -31 200 | -11 046 | |
| 545 | Fv 545 Rydland og Fitjar sentrum | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 | ferdig |
| | SUM MINDRE UTBETRINGAR/TIL RÅDVELDE UTAN NY LØYVING I 2016 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 | |
| | SUM | 20 154 | -18 800 | -12 400 | -31 200 | -11 046 | |

I 2016 vart det eit mindreforbruk på 11 mill.kr som er 35,4% av løyvinga. Hovudtyngda av avviket er knytt til tilskot på fv. 48 Hellandkrysset på 10 mill. kr, og kunne ikkje omdisponerast i løpet av året. Tilskotet er ikkje henta frå kommunen.

**Fv. 49 Holmalia**
Etter inngått avtale med grunneigar, skal kr. 200.000,- av erstatning utbetalast ved ferdigstilte sikringsarbeider på eigendommen. Grunneigar har ikkje ferdigstilt sikringsarbeidet og difor er det i 2016 eit mindreforbruk på 0,2 mill.kr.

**Fv. 550 Aga-Kråkevik**
Prosjektet hadde tildelte midlar i 2016. Vi valte å ikkje starte prosjektet då fv. 550 vart nytta som omkøyringsveg når rv. 13 vart stengt som følgje av vegarbeid ved Deildo. Midlane vart omdisponert, og prosjektet utsett til 2017.

**Fv. 229 Nautnes bru**
Det vart eit mindreforbruk på 0,7 mill.kr i 2016 på prosjektet. Prosjekteringa vert ferdig i januar/februar i 2017. Grunnerverv vart gjort i 2016, men ikkje grunnervervsoppgjer. Oppstart på bygging er i tråd med framdriftsplan og skjer i 2017.

**Fv. 551 Krokaparsellen**
Det er godkjent reguleringsplan for strekninga Ænes-Sundal. Strekninga har dårleg standard og er utsett for ras. Løyvde midlar var ikkje tilstrekkeleg til å bygge det som er prosjektert. Kommunen utsette difor finansiering av Krokaparsellen til 2018.

**Fv. 48 Hellandskrysset**
Det er eit mindreforbruk på 10 mill. kr knytt til tilskot. Prosjektet gjeld utbetring av trafikkfarleg kryss. Det er godkjent reguleringsplan for tiltaket. Nytt framlegg til løysing av kryss er ikkje i tråd med vedteken reguleringsplan. Kvinnherad kommune gjennomgår løysing. Det er utfordringar i høve til grunneigar som og er ein del av ei muleg reguleringsendring/justering. Planlagt prosjektering hausten 2016, kom difor ikkje i gang.

**Fv. 201 Eide-Spildepollen**
Sund kommune er byggherre og har ein avtale om fylkeskommunal medfinansiering på til saman 15 mill. kr i åra 2016-2018. Det vart omdisponert ledige midlar for å betale ut fylkeskommunens bidrag for 2017 på 6 mill. kr. I tillegg bidrog fylkeskommunen med tilskot for å legge overskotsmassar frå prosjektet langs fv. 555. Kommunen skal gjere utbetringar langs denne fylkesvegen.

## Standardhevingstiltak (Investering) (L329)

Tab 7 — tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | Regnskap hiå | FK midlar 2016 | OVERFØRT TILSKOT | Tildisp | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP | Fase |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Bruer og ferjekaier | 30 420 | -29 500 | 0 | -29 500 | 920 | |
| | Tunneler | 35 970 | -37 290 | 0 | -37 290 | -1 320 | |
| | Murer, kantar, div tiltak | 66 203 | -63 210 | -5 000 | -68 210 | -2 007 | |
| | SUM STANDARDHEVINGSTILTAK FINANSIERT MED LØYVING GITT I LEVERANSEAVTALEN FOR 2016T | 132 592 | -130 000 | -5 000 | -135 000 | -2 408 | |
| | Istadmyrane, Voss, forsterkning av div fylkesvega | 3 824 | 0 | 0 | 0 | 3 824 | prosjekteirng |
| | Fv 564 Fossesjøen | 25 | 0 | 0 | 0 | 25 | ferdig |
| | Fv. 585 Fortau assistentkirkegården (Kalfaret) | 28 | 0 | 0 | 0 | 28 | prosjektering og grunnerverv |
| | Hatvik ferjekai-Ny till.kai etter påkjørsel med fe | 6 258 | 0 | 0 | 0 | 6 258 | ferdig |
| | DAB riksvegtunnelar i Hordaland | 6 | 0 | 0 | 0 | 6 | |
| | SUM STANDARDHEVINGSTILTAK FINANSIERT MED STATLEG TILSKOT - UTAN LØYVING | 10 141 | 0 | 0 | 0 | 10 141 | |
| | SUM | 142 733 | -130 000 | -5 000 | -135 000 | 7 733 | |

Ved inngangen av året hadde vi ei løyving på 144 mill. kr. Det vart omdisponert 14 mill. kr til andre programområder i løpet av året. Det er og gjort fleire omdisponeringar innanfor standardheving. Budsjettet til tunnalar vart tatt ned med om lag 38,7 mill. kr. Bruer og kaier har fått 6,5 mill. kr og Murar, kantar og div tiltak har fått om lag 18,5 mill. kr meir i løpet av året. Det og ei inntekt på fv. 134 Frøland – Kvittingen etter at tilskot frå BKK er henta inn. Denne inntekta skulle vore i 2015-rekneskapen, men innbetalinga på 5 mill.kr kom først i år.

Det er eit meirforbruk på standardhevingstiltak på 7,7 mill. kr. Nedanfor vert prosjekt med avvik omtala nærmare.

**Bruer og ferjekaier**

På posten bruer og ferjekaier er det venta eit meirforbruk på ca. 0,9 mill.kr. Generelt har vi hatt utfordringar i 2016 på kapasitet på byggeleiing og prosjektering for bruprosjekta. Nedanfor er ein kort omtale av nokre av prosjekta;

*Hjartå II:* Framdrifta i prosjektet er endra grunna litt seinare oppstart som følgje av kapasitet knytt til grunnundersøkingar. Desse er no gjennomførd og det viser svak grunn og behov for peling. I tillegg er det utfordringar knytt til kapasitet på byggeleiing og prosjektering.

*Bru bru:* Det var lagt til grunn feile mengder i anbud på komplettering. Spesielt arbeider i forbindelse med dårlig grunn på omkjøringsveg førte til omprosjektering i byggefase.

*Fv.137 Sagelva, ny kulvert:* Prosjektet er noko foreseinka som følgje av kapasitet på prosjektering og byggeleiing. Tiltaket skulle ha vore ferdig i 2016, men vert først ferdig i februar 2017. Kostnaden er om lag 3,5 mill. kr.

*Fv569 Modalen/Otterstad bru:* Årsaka til ein del av meirforbruket er at det måtte fjernast betydeleg meir massar på omkøyringsveg enn det som var føresett. Prosjektet er ferdigstilt.

**Tunnelar**

På posten tunnelar er det venta eit mindreforbruk på ca. 1,3 mill.kr. Ved inngangen av året hadde ein 76 mill. kr til tunnelar. Det har teke lenger tid med prosjektering av arbeidet enn føresett. I tillegg har vi venta på godkjenning av tiltaka etter tunnelsikkerheitforskrifta i Vegdirektoratet. Nær 39 mill. kr av varsla mindreforbruket blei omdisponert i løpet av året til andre tiltak på programområda og standardheving.

Nedanfor er ein kort omtale av nokre av prosjekta;

*Fv 48 Moshovdatunnelen (standardheving)* – Tiltaket er ferdig.

*Fv.240 Toppetunnelen, sikre skjæring og rep.av por* Arbeid med vann og frostsikring inne i tunnelen er ferdigstilt. I 2017 vil vi få utgifter på forsterking av portalar og sikring av fjellskråning over portal. Kostnad ca. 1,3 mill. (Har mottatt geologirapport på fjellskråning): Det er ikkje midlar til dette arbeidet.

*Fv 7 Hagaås- og Liarostunnelen - rensk, PE, brann* Prosjektet vart ikkje utlyst i 2016. Konkurransegrunnlaget var ikkje klart og tiltaksplan etter tunnelsikkerheitforskrifta var ikkje godkjend i Vegdirektoratet. Planlegging og prosjektering tok derfor lengre tid. Forventa utlysing februar 2017.

*DAB fylkesvegar:* Arbeidet på fylkesveger i felt er ferdig. Ein av grunnene for overskriding er at prosjektet også blitt belasta for drift og vedlikehald av Naudnett etter ein avtale som Vegdirektoratet har inngått for heile landet.

## Murar, kantar og diverse

Det er venta eit mindreforbruk på 2 mill.kr som gjeld tiltaka;
*Fv 314 Hamlagrø Dale Hp4 og 5. –* tiltak på denne strekninga må sjåast i samanheng med tiltaket på strekninga Narheim – Hodnaberget på same fylkesveg. Det er eit mindreforbruk her og eit meirforbruk på Narheim. Midlane vert nytta til utbetring av vegen.
Fv 314 Narheim – Hodnaberg: Prosjektet er ferdig og avslutta.
*Fv 550 Sollesnes*: Planlagt utlysing våren 2016 vart utsatt som følge av prioritering av andre tiltak, grunna kapasitetsutfordringar knytt til prosjektering og byggeleiing. Dette har ført til seinare oppstart enn ønska.
*Fv 317 Grindeland*: Tiltaket er ferdig og avslutta.
*Fv 307 Palmafossen- Ørneberget*: Tiltaket vart starta opp i september, men er ikkje fullført. Tiltaket vert fullført i 2017.
*Fv. Fjell, Sund, Askøy, Høye skuldre*: Arbeidet er ferdigstilt og tiltaka vart rimlegare enn forventa.
*Rekkverk standardheving*: Orsak til mindreforbruket er for lite kapasitet hos byggherre og entreprenør Stor-Bergen.

*Tiltak som ikkje har ny løyving i 2016;*
*Fv. 134 Frøland – Kvittingen.* Tiltaket er ferdig. BKK sitt tilskot på 5 mill.kr kom først inn i rekneskapen i år i staden for 2015 og vi får difor ei inntekt på denne posten.
*Hatvik ferjekai-Ny till.kai etter:* Meirforbruket er knytt til utbetring av skader etter at ferja køyrte inn i Hatvik ferjekai. Deler av kostnadane vil gå på forsikring, men dette kom ikkje med i 2016-rekneskapen. Sluttrekninga for arbeidet med ferjekaien – ca 0,4 mill.kr – vil kome i 2017.
*Istadmyrane, Voss, forsterkning:* Massetak på Istadmyrane. Forbruk her er tilkøyrde massar som er kjøpt frå Vossapakko. Steinmassane skal nyttast til utbetring av fylkesvegnettet i Vossaområdet. På det viset vert framtidige utbetringstiltak rimelegare.

## Gang- og sykkelvegar (L330)

Tab 8 — tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | Regnskap hiå | FK midlar 2016 | OVERFØRTE BELØNNINGS MIDLAR | BELØNNINGS MIDLAR | OVERFØRT TILSKOT | Tildisp | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP | Fase |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 570 | Fv570 Sandnes Skule, Masfjorden | 5 722 | -7 000 | 0 | 0 | -1 000 | -8 000 | -2 278 | avslutning og ferdig |
| | Tiltak etter GS inspeksjonar | 339 | -500 | 0 | 0 | 0 | -500 | -161 | |
| 7 | Fv7 Granvin skule, kollektivknutepkt - gs | 0 | -250 | 0 | 0 | 0 | -250 | -250 | ferdig |
| 61 | Fv 61 Skrivervegen - fortau, G/S | -383 | -500 | -2 049 | -2 750 | 0 | -5 299 | -5 682 | klart for utlysning |
| | Svortland sentrum, Tverråna | 560 | 0 | 0 | -3 000 | 0 | -3 000 | -2 440 | |
| 49 | Fv 49 GS-veg Lidarende | 136 | -150 | 0 | 0 | 0 | -150 | -14 | ferdig |
| | **SUM GANG- OG SYKKELTILTAK MED LØYVING I LEVERANSEAVTALEN** | **6 373** | **-8 400** | **-2 049** | **-5 750** | **-1 000** | **-17 199** | **-10 826** | |
| | USPESIFISERT | 37 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 37 | |
| | **SUM GANG- OG SYKKELTILTAK UTAN NY LØYVING** | **37** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **37** | |
| | **SUM GANG- OG SYKKELTILTAK** | **6 410** | **-8 400** | **-2 049** | **-5 750** | **-1 000** | **-17 199** | **-10 789** | |

Ved inngangen av året var det løyvd 9 mill. kr. I tillegg vart det overført vel 2 mill. kr i statlege sykkelmidlar (belønningsmidlar). I løpet av året har ein justert ned fylkesløyvinga til 8,4 mill. kr, mens det vart løyvd ytterlegare 5,75 mill. kr i statlege sykkelmidlar. Totalt har ein difor til disp. vel 17,2 mill. kr ved årsslutt.

Det er eit samla mindreforbruk på Gang- og sykkelvegar på totalt 10,8 mill. kr. Om lag 7,8 mill. kr av mindrebruket er statlege midlar. Og desse var det ikkje råd å omdisponere til andre tiltak.

**Fv. 570 Sandnes skule, Masfjorden.** Sluttoppgjer er mottatt frå entreprenør, men kom ikkje med i 2016 rekneskapen. Forseinkinga er knytt til et ekstratiltak for bygging av 50 m GS-vei for sammenkobling til kommunal GS-vei. Utbetaling av sluttnota kjem fyrst på 2017.

**Fv. 61 Skrivarvegen, del 1**

Det er avklara med Vegdirektoratet at midlane som er løyvd til fv. 61 Skrivervegen Borggata til Møllebrua kan nyttast til å fullføre fv. 61 Skrivervegen del 1. Tiltaket er å bygge gang- og sykkelveg frå Griserumpa til Borggata. Som følgje av manglande plan og grunnavståring er prosjektet ikkje kome igong. Tilbodet er lyst ut og kontrakt vert underskreve i mars 2017.

**Fv 23 Svortland sentrum, Tverråna**

Det vart løyvd eit statleg tilskot til å avslutta 450 m gang- og sykkelveg mot Sortland sentrum våren 2016. Framdrifta blei forseinka grunna manglande grunn- og planavklaring. Prosjektet blei lyst ut og hadde ein tilbodsfrist i nov. 2016.

## Trafikksikring (L340)

Tab 9 — tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | Regnskap hiå | FK midlar 2016 | Tildisp | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP | Fase |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Redusering i tal utforkøyrings- og møteulykker ogredusering av skadegrad** | | | | | |
| | **Tiltak etter trafikksikkerhetsinspeksjon** | 3 050 | **-3 350** | **-3 350** | **-300** | |
| | Betre sikring av fotgjengarar, (særleg eldre) | | | | | |
| | **Fartsregulering (inkl.sikt-/skiltutbedring)** | 1 583 | -1 550 | -1 550 | 33 | |
| | **Signalregulerte gangfelt** | 1 629 | -2 600 | -2 600 | -971 | |
| | **Sikring av kryssingspunkt** | 9 510 | -9 700 | -9 700 | -190 | |
| | **Siderekkverk** | 329 | -1 550 | -1 550 | -1 221 | |
| | **Gang og sykkel** | 7 299 | -6 450 | -6 450 | 849 | |
| | Reduksjon, øvrige ulykkesgrupper | | | | | |
| | **Utbetring av ulykkespunkt** | 339 | -500 | -500 | -161 | |
| | **Vegbelysning** | 1 848 | -2 100 | -2 100 | -252 | |
| | **Andre utbetringar på veg** | 8 808 | -8 700 | -8 700 | 108 | |
| | SUM TRAFIKKSIKRINGSTILTAK MED LØYVING | 34 395 | -36 500 | -36 500 | -2 105 | |
| 545 | Fv 545 Justagjerdet, haldeplass | 16 | 0 | 0 | 16 | ferdig |
| | Signalregulerte gangfelt u/Bergen | 166 | 0 | 0 | 166 | ferdig |
| 18 | Fv 18 Goddovegen v/Ervik: vegmur | -2 | 0 | 0 | -2 | ferdig |
| 310 | Fv310 Rokne-Haug, Bordalen - vegbelysning | 136 | 0 | 0 | 136 | ferdig |
| | SUM TRAFIKKSIKRINGSTILTAK UTAN NY LØYVING I 2016 | 316 | 0 | 0 | 316 | |
| | SUM TRAFIKKSIKRINGSTILTAK | 34 711 | -36 500 | -36 500 | -1 789 | |

Ved inngangen av året var det løyvd 25 mill. kr til trafikksikring. Ved omdisponeringar i løpet av året har ein fått auka budsjettet til 36,5 mill. kr. Samla er det eit mindreforbruk på 1,8 mill.kr i 2016 som er 4,9% av løyvinga. Fleire tiltak har mindre avvik.

**Tiltak etter trafikksikkerhetsinspeksjon** knytt til fv 562 Åsebø – Fromreide kor prosjektet er ferdig og tiltaket fekk eit mindreforbruk på 0,3 mill.kr i 2016.

**Fartsregulering (inkl.sikt-/skiltutbedring)** er det eit lite meirforbruk. Fartsregulering ved fv.137 Hegglandsdalen skule kosta vel 0,3 mill. kr meir enn føresett. Arbeidet er ferdigstilt.

**Signalregulerte gangfelt** er hovudtyngda av avviket knytt opp mot fv. 563 Holmedal, signalregulert gangfelt kor arbeid er sluttført. Meirforbruk skuldast høgare kostnader med grunnarbeidet enn antatt.

**Sikrings av kryssningspunkt** er det eit mindreforbruk totalt på 0,2 mill.kr. Fv. 564 Fossekrysset har eit meirforbruk på 1,1 mill.kr. Tiltaket er ferdig. Hovudorsaka til avviket er ein innsynsskjerm som vert dyrare enn berekna, tilkøyring av stein og sakhandsamingsgebyr i kommunen. Fv 7 Ålvik - utbetring ulykkespkt har eit mindreforbruk på 0.9 mill.kr. Prosjektet er gjennomført. Fv391 Fotgjengarkryssing v/Leknes har eit mindreforbruk på 0,8 mill.kr grunna manglande kapasitet på byggherresiden, vart ikkje prosjektet gjennomført.

**Siderekkverk** har eit mindreforbruk på 1,2 mill.kr. Fv. 49 Rosendal hadde eit mindreforbruk på 0,2 mill.kr. Rekkverk vart ikkje satt opp pga. manglande kapasitet på rekkverkskontrakten. Arbeid på Fv. 34/48 Håland – Etne er ferdigstilt, men rekningar på vel 1 mill. kr vart belasta driftskontrakten ved ein feil.

**Gang og sykkel har eit meirforbruk på 0,8 mill.kr.** der det er mange mindre avvik på tiltaka.

**Utbetring av ulykkespunkt har eit mindreforbruk på 0,2 mill.kr.** der det er mange mindre avvik på tiltaka.

**Vegbelysning har eit mindreforbruk på 0,3 mill.kr.** som blant anna kan knyttast opp mot tiltaket på fv. 550 Hauso på 0,5 mill. kr. Entreprenør fekk ikkje utført arbeidet i 2016 og dermed kjem kostnadene i 2017.

**Andre utbetringar på veg har eit meirforbruk på 0,1 mill.kr.** der det er mange mindre avvik på tiltaka.

## Punktutbetring og tygge skulevegar (L341)

Tab 10 tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | Regnskap hiå | FK midlar 2016 | Tildisp | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP |
|---|---|---|---|---|---|
| Div fv | Strakstiltak i samsv.m Ts-plan, Austrheim | 0 | -1 264 | -1 264 | -1 264 |
| 48 | Fv48 Lundsvingane, Kvinnherad | 207 | -200 | -200 | 7 |
| 103 | Fv103 Simadalsvegen - Eidfjord sentrum | 148 | -500 | -500 | -352 |
| 381 | Fv381 Modalen | 0 | -500 | -500 | -500 |
| 307 | Fv307 Palmafoss, Voss | 0 | -500 | -500 | -500 |
| 569 | Fv569 Stamnes, Vaksdal | 133 | -100 | -100 | 33 |
| 310 | Fv310 Bordal, Voss | 178 | -100 | -100 | 78 |
| 391 | Fv 391 Mundal-Leknes | 1 119 | -1 000 | -1 000 | 119 |
| 565 | Fv 565 Austebygd skule | 1 058 | -1 000 | -1 000 | 58 |
| 565 | Fv 565 Storheimstøkrysset | 504 | -500 | -500 | 4 |
| 423 | Fv 423 Storevatnet + Æskjæret | 354 | -400 | -400 | -46 |
| 570 | Fv 570 Hosteland | 530 | -500 | -500 | 30 |
| 379 | Fv 379 Kalhovda | 256 | -300 | -300 | -44 |
| 47 | Fv 47 Ekrene | 877 | -500 | -500 | 377 |
| 75 | Fv 75 Kryss Vestbøstad | 300 | -300 | -300 | 0 |
| 545 / 72 | Fv 545 / Fv 72 Kryss Dåfjorden | 700 | -700 | -700 | 0 |
| 545 / 72 | Fv 545 / Fv 75 Rydland | 750 | -500 | -500 | 250 |
| 23 | Fv 23 Hopsletta | 298 | -300 | -300 | -2 |
| 404 | Fv 404 Feste kai | 0 | -300 | -300 | -300 |
| 561 | Fv 561, Hp.01, Km.7,350 Glomsen/Spjeld-Ågotnes | 1 798 | -1 500 | -1 500 | 298 |
| 198 | Fv 198 Litle Sangolt | 172 | -300 | -300 | -128 |
| 546 | Fv 546 Storebø Terminal ved nytt handlesenter | 0 | -800 | -800 | -800 |
| 552 | Fv 552 Gangfelt på fylkesveg | 1 178 | -1 000 | -1 000 | 178 |
| 211 | Fv 211 Landro skole | 500 | -400 | -400 | 100 |
| Div fv | Div kommuner Punktutbedr/Mindre asfalt-tiltak | 4 000 | -4 000 | -4 000 | 0 |
| 267 | Fv 267 Ervik - Mur,kantstein,drenering,fortau | 1 207 | -1 500 | -1 500 | -293 |
| 582 | Fv 582 Laksevåg - Mur, fortau | 1 761 | -1 500 | -1 500 | 261 |
| 48 | Fv 48 Håland-Skånevik til vegavdeling Voss og Hard | 0 | -500 | -500 | -500 |
| 0 | Skogrydding DK1203 | 861 | -850 | -850 | 11 |
| 0 | Skogrydding DK1207 | 593 | -650 | -650 | -57 |
| | Sum | 19 482 | -22 464 | -22 464 | -2 982 |

I fylkestinget i mars 2016 fekk ein ei løyving på  mill. kr til punktutbetringstiltak/trygge skulevegar. I juni fekk ein ytterlegare 1,3 mill. kr i budsjettet. Det vart eit mindreforbruk på 2,9 mill.kr som er 13,3% av løyvinga. Det er mange tiltak med mindre avvik. Under er nokon av dei større avvika nemnd.

**Fonnes (Strakstiltak i samsv.m Ts-plan, Austrheim)**
Prosjektet gjeld tiltak på Fonnes knytt til bygging av fortau. Prosjektet har i tillegg løyvingar på programområda; Trafikksikring og Kollektivtiltak. Arbeidet kom seint i gang grunna manglande grunnavtaler og tiltredingsavtalar. Derfor ble prosjektet først utlyst seint på året. Arbeidet fortsetter i 2017 med midlar under Mindre utbetringar samt tilskot frå Austrheim kommune.

**Fv. 103 Simadalen-Eidfjord sentrum**
Har eit mindreforbruk på 0,35 mill. kr. Arbeidet er gjort. Kostandane vart lågare enn budsjettert.

**Fv. 307 Palmafoss, Voss**
Har eit mindreforbruk på 0,5 mill. kr. Prosjektet vart lyst ut saman med eit anna prosjekt på fjernskilting. Konkurransen vart avlyst pga høg pris og manglande konkurranse.

**Fv. 546 Storebø Terminal ved nytt handlesenter**
Har eit mindreforbruk på 0,8 mill. kr. Planane var ikkje klare og det er starta opp med regulering. Det vart difor ikkje oppstart av prosjektet i 2016. Tiltaket byggast i 2017.

**Fv. 381 Modalen**
Har eit mindreforbruk på 0,5 mill. kr. Arbeidet kom ikkje til gjennomføring, då vi hadde utfordringar med byggherrekapasitet. Uføresette hendingar som gjorde at vi måtte prioritere andre prosjekt. Midlane må rebudsjetterast i 2017.

**Fv. 48 Håland-Skånevik**
Har eit mindreforbruk på 0,5 mill. kr. Arbeidet er ikkje utført. Prosjektering tok lengre tid enn føresett. Midlane må rebudsjetterast i 2017.

**Fv. 404 Feste kai**
Har eit mindreforbruk på 0,3 mill. kr. Det tok lengre tid å avklare kva som måtte gjerast. Det var og behov for meir masseutskifting enn vi såg føre oss. Prosjektet kostar meir totalt enn føresett og massane skal no nyttast til møteplassar langs vegen til kaia. Det er sett av midlar under kollektiv og standardheving i 2017 til å gjere tiltaket.

## Miljøtiltak (L350)

Tab 11 — tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | Regnskap hiå | FK midlar 2016 | Tildisp | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP | Fase |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 210 / 211 | Fv 210/211 Angeltveitvassdraget | 185 | -100 | -100 | 85 | Prosjektering |
| | Mundheim rasteplass | 250 | -250 | -250 | 0 | ferdig |
| 48 | Fv48 Holmefjord | 1 923 | -2 500 | -2 500 | -577 | avslutning |
| | Rasteplass Sund | 2 000 | -2 000 | -2 000 | 0 | ferdig |
| | SUM MILJØTILTAK MED LØYVING GITT I LEVERANSEAVTALEN | 4 358 | -4 850 | -4 850 | -492 | |
| | Div miljøtiltak u/Bergen | 651 | 0 | 0 | 651 | |
| | SUM MILJØTILTAK UTAN NY LØYVING I | 651 | 0 | 0 | 651 | |
| | SUM | 5 009 | -4 850 | -4 850 | 159 | |

Ved inngangen av året var det løyvd 2 mill. kr til miljøtiltak. I løpet av året auka løyvinga med 2,85 mill. kr.

**Fv. 48 Holmefjord**
Som følgje av sen kontraktsinngåelse og lang leveringstid til prefabrikert wc bygg vart det for 2016 eit mindreforbruk. Desse kostnadene kjem i 2017 og er berekna til om lag 500-600 tusen kr. Arbeidet forventast sluttført ved utgangen av februar 2017.

**Rasteplass Sund**
Arbeidet vart utført av Sund kommune. Tiltaket hadde løyving i 2015, men kom ikkje til gjennomføring før i 2016.

**Fv. 210/21 Angeltveitvassdraget**
Rekneskapet viser ikkje vesentleg avvik. Budsjettet vart tatt ned i løpet av året, då det tok lengre til å prosjektere tiltaket enn føresett. Kjem til gjennomføring i 2017.

**Div miljøtiltak u/Bergen**
Som følgje av overvann var det akutt behov for å avgrense skadeomfang for naboeigendomar i Os, derfor eit meirforbruk i 2016 på dette tiltaket.

## Kollektivtiltak (L360)

Tab 12 tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | Regnskap hiå | FK midlar 2016 | Tildisp | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP | Fase |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Terminaler, venterom, knutepunkt, innfartsparkering, snuplass | 3 129 | -3 750 | -3 750 | -621 | |
| | Oppgradering av haldeplassar (UU og TS) | 14 420 | -15 050 | -15 050 | -630 | |
| | Busskur | 2 626 | -2 300 | -2 300 | 326 | |
| | Andre tiltak | 3 677 | -5 150 | -5 150 | -1 473 | |
| | **Sum KOLLEKTIVTILTAK MED LØYVING I LEVERANSEAVGTALEN** | **23 852** | **-26 250** | **-26 250** | **-2 398** | |
| 541 / 542 | Fv 541/542 Oppgradering av haldeplassar Bømlo | 4 | 0 | 0 | 4 | ferdig |
| 545 | Fv 545 Rydland og Fitjar sentrum | -24 | 0 | 0 | -24 | ferdig |
| | Svortland Sør | 30 | 0 | 0 | 30 | ferdig |
| | Byutredning Nord-Jæren | 54 | 0 | 0 | 54 | |
| | **SUM KOLLEKTIVTILTAK UTAN NY LØYVING I 2016** | 64 | 0 | 0 | 64 | |
| | **SUM KOLLEKTIVTILTAK** | **23 916** | **-26 250** | **-26 250** | **-2 334** | |

Ved inngangen av 2016 var det løyvd 22 mill. kr. I løpet av året vart løyvinga til kollektivtiltak auka med 4,25 mill. kr. Samla på posten vart det i 2016 eit mindreforbruk på 2,3 mill.kr som er 8,9% lågare enn løyvinga.

**Terminalar, venterom, knutepunkt, innfartsparkering, snuplass**

- Terminal Storebø ungdomsskule. Prosjektet i Austevoll kommune vart ferdigstilt i 2015. Kostnadene i 2016 er knytt opp til sluttoppgjer.
- Fv. 48 Årsnes fergekai (snusløyfe for buss) eit mindreforbruk på 0,5 mill.kr. Tiltaket vart ferdig i desember og er avslutta.

**Oppgradering av haldeplassar (universell utforming og trafikktryggleik)**

har eit samla mindreforbruk på 0,6 mill.kr og gjeld er knytt opp mot fleire tiltak. Dei støste avvika er på desse tiltaka;

- Fv. 49 Eidesvågen, oppgradering holdeplasser. Innkomne anbod var høgare enn overslaget, difor er det eit meirforbruk på tiltaket. Prosjektet starta opp i august mnd, med vart teke i bruk i 2016. Sluttoppgjeret er motteke, men ikkje sluttført.
- Fv.561 Morlandstø, oppgrad. haldeplass har flytting av busskur ikkje latt seg gjennomføre grunna manglande grunn, difor mindreforbruk på tiltaket i 2016. Øvrige tiltak på TS er utført.
- Fv 7 Tyrvefjøra/ Augnesfjøra. Prosjektet er gjennomførd. Det vart eit mindreforbruk på 0,5 mill.kr på tiltaket i 2016.

**Busskur**
vart det eit meirforbruk på 0,3 mill.kr. Det er ei rekke mindre avvik på området. Det største avviket er knytt til Fv. 7 Vikedal som har eit meirforbruk på om lag 0,3 mill.kr. Tiltaket er gjennomførd og er ferdig.

***Andre tiltak;***

**Kollektivtiltak u/Bergen**- inneheld fleire tiltak på kollektiv. Sluttføring av tiltaka er venta i 2017. Tiltak på Hufthamar, Austevoll byggjast i 2017.

**Diverse kollektivtiltak Stord og Fitjar** er det eit meirforbruk i 2016 som følgje av at arbeidet vart meir omfattande enn planlagd.

**Fv. 57 Vatne-Austrheim - nye skur** vart det eit mindreforbruk i 2016 som følgje av manglande kapasitet på byggherresiden. Løyvinga fekk prosjektet seint på året og fekk ikkje gjennomført prosjektet som først ønska.

**Fv43 Sunde ferjekai, rehabilitering** fekk i 2016 eit mindreforbruk som følgje av at planlagd grunnerverv ikkje vart gjennomført.

## Planlegging (L370)

Tab 13 — tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | Regnskap hiå | FK midlar 2016 | Tildisp | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP |
|---|---|---|---|---|---|
| | Planlegging | 22 406 | -21 200 | -21 200 | 1 206 |
| | **Sum** | **22 406** | **-21 200** | **-21 200** | **1 206** |

Ved inngangen til året hadde vi eit budsjett på 15 mill. kr. Då fleire planprosjekt varsla meirkostnadar vart det omdisponert vel 6,2 mill. kr til planprogrammet.

Det er fleire planleggingsprosjekt som har mindre avvik.

Det er særskilt reguleringsplanarbeidet knytt til gang- og sykkelveg frå Austrheim – Lindås grense fått auka kostnader grunna kompliserte løysingar for kulturminner og grunnundersøkingar. Prosjektet skulle etter planen verte ferdig i 2015.

## Grunnerverv (L380)

Tab 14 tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | Regnskap hiå | FK midlar 2016 | Tildisp | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP |
|---|---|---|---|---|---|
| | Grunnerverv | 496 | -4000 | -1 000 | -504 |
| | **Sum** | **496** | **-4 000** | **-1 000** | **-504** |

Ved inngangen til budsjettåret hadde vi 4 mill. kr. Då det ikkje var behov for å løyse inn hus etter reguleringsplan vart 3 mill. kr omdisponert til andre programområder.

På programområdet i 2016 vart det eit mindreforbruk på 0,5 mill.kr.

## 3.2. Status prosjekt i Bergensprogrammet

Tab 15 tall i hele tusen kr

| PROGRAMOMRÅDE | REGNSKAP HIÅ | F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING) | OVERFØRTE BOMPENGAR | BOMPENGAR | OVERFØRTE BELØNNINGS MIDLAR | BELØNNINGS MIDLAR | OVERFØRTE FORSKOT | OVERFØRTE TILSKOT | TILSKOT | TIL DISP 2016 * | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| STORE/MINDRE PROSJEKT | 48 272 | -3 070 | -10 467 | -77 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -90 537 | -42 265 |
| GANG OG SYKKELTILTAK | 168 595 | -103 700 | 0 | -6 346 | -11 429 | 0 | 0 | -4 000 | 0 | -185 325 | -16 730 |
| TRAFIKKSIKRINGSTILTAK | 54 837 | -53 811 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -53 811 | 1 026 |
| MILJØTILTAK | 20 646 | -8 989 | -9 011 | 0 | -500 | 0 | 0 | 0 | 0 | -23 500 | -2 854 |
| KOLLEKTIVTILTAK | 89 416 | -48 600 | -15 325 | 0 | -27 063 | 0 | 0 | 0 | 0 | -140 738 | -51 323 |
| ANDRE STREKNINGSVISE TILTAK | 23 751 | -14 900 | 0 | 0 | 0 | 0 | -3 000 | 3 000 | 0 | -36 400 | -12 649 |
| KOMMUNIKASJON I BERGENSPROGRAMMET | 2 597 | -3 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -3 000 | -403 |
| PLANLEGGING | 77 323 | -1 500 | 0 | 0 | -40 000 | -30 000 | 0 | 0 | 0 | -71 500 | 5 823 |
| **SUM PROSJEKT I BERGENSPROGRAMMET** | **485 437** | **-237 570** | **-34 803** | **-83 346** | **-78 992** | **-30 000** | **-3 000** | **-1 000** | **0** | **-604 811** | **-119 374** |
| BYBANEPROSJEKTENE | 445 900 | 0 | 0 | -550 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -550 000 | -104 100 |
| **SUM PROSJEKT I BERGENSPROGRAMMET INKL. BYBANEPROSJEKTENE** | **931 337** | **-237 570** | **-34 803** | **-633 346** | **-78 992** | **-30 000** | **-3 000** | **-1 000** | **0** | **-1 154 811** | **-223 474** |

* Til disp. inneheld overførde midlar frå 2015, årets løyvingar, inkludert fylkeskommunale midlar belønningsmidler/ statlege tilskotsmidler, bompenger og ordinære tilskot.

Tabellen over syner totaloversikt for hovudpostane i Bergensprogrammet. Oversikten inkluderer også bompengar løyvd til Bybanen. Samla mindreforbruk er om lag 223,5 mill.kr som er 10,24% av løyvinga for Bergensprogrammet i 2016. Av dette utgjer Bompengar knytt til Bybanen vel 100 mill. kr. bompengar knytt til Ringveg Vest 39 mill. kr. og Hjellestadvegen ca. 1 mill. kr. Belønningsmidlar og eksterne tilskot som i tråd med plan og byggeprogram for 2017 er overførd frå 2016 til bruk i 2017 utgjer henholdsvis ca. 50 og 12 mill. kr. Dei store prosjekta er omtala i hovudrapporten.

# Omtale av programområda

## Gang- og sykkeltiltak (L335)

Tab 17 — tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | REGNSKAP HIÅ | F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING) | OVERFØRTE BOMPENGAR | OVERFØRTE TILSKOT | TIL DISP 2016 * | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP | FASE |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Nygårdstangen, gang og sykkelbro - prosjektering/oppstart | 16 606 | -3 000 | 0 | 0 | -16 000 | 606 | bygging/anleggsarbeid |
| 564 | Salhusveien, sykkelveg m/fortau | 39 531 | -25 000 | 0 | -4 000 | -51 000 | -11 469 | bygging/anleggsarbeid |
| | Gang og sykkeltiltak i knutepunkt, for eksempel Paradis, Werge | 9 728 | -12 000 | 0 | 0 | -12 000 | -2 272 | prosjektering og grunnerverv |
| 557 | Bjørgeveien, Straume-Sandeidet | 9 293 | -9 000 | 0 | 0 | -9 306 | -13 | bygging/anleggsarbeid |
| | Oppfølging sykkelbyavtalen | 2 500 | -2 000 | 0 | 0 | -2 408 | 92 | |
| | Gangveg til bybanestoppa | 17 000 | 0 | 0 | 0 | -17 000 | 0 | bygging/anleggsarbeid/ferdig |
| | Diverse sykkeltiltak | 1 098 | -1 500 | 0 | 0 | -1 500 | -402 | prosjektering og bygging/anleggsarbeid |
| | Prosjektering fremtidige tiltak | 0 | -100 | 0 | 0 | -100 | -100 | |
| | Skilting/oppmerking i sentrale strøk | 81 | 0 | 0 | 0 | -2 760 | -2 679 | bygging/anleggsarbeid |
| | Gang- og sykkelanlegg Møllendalsveien | 7 500 | -3 750 | 0 | 0 | -7 500 | 0 | ferdig (Bergen kommune) |
| | GS-rute Kvamsvegen | 350 | -350 | 0 | 0 | -700 | -350 | ferdig |
| | Sykkeltiltak langs bybanen III | 47 000 | -47 000 | 0 | 0 | -47 000 | 0 | ferdig |
| | Sykkelveg mot Nordnes | 6 250 | 0 | 0 | 0 | -6 250 | 0 | bygging/anleggsarbeid (Graveklubben) |
| | Fyllingsdalen, kollektivfelt Allestadveien - Skarphaugen | 6 346 | 0 | -6 346 | 0 | -6 346 | 0 | bygging/annleggsarbeid/ferdig |
| | Fabrikkgaten Fjøsanger-Inndalsveien G/S | 435 | 0 | 0 | 0 | -500 | -65 | ferdig |
| | Tiltak sykkelveginspeksjon | 708 | 0 | 0 | 0 | -1 455 | -747 | |
| | Sykkelparkering kollektivterminaler | 4 082 | 0 | 0 | 0 | -3 500 | 582 | bygging/anleggsarbeid (Hfk) |
| | **SUM GANG OG SYKKELTILTAK** | **168 507** | **-103 700** | **-6 346** | **-4 000** | **-185 325** | **-16 818** | |
| | Sykkelveginspeksjoner | 64 | 0 | 0 | 0 | 0 | 64 | |
| | Fotgjengersikring | -1 | 0 | 0 | 0 | 0 | -1 | ferdig |
| | USPESIFISERT | 26 | 0 | 0 | 0 | 0 | 26 | |
| | **SUM GANG OG SYKKELTILTAK uten løyving** | **88** | **0** | **0** | **0** | **0** | **88** | |
| | **SUM** | **168 595** | **-103700** | **-6346** | **-4000** | **-185325** | **-16 730** | |

* Til disp. inneheld overførde midlar frå 2015 og årets løyvingar, inkludert fylkeskommunale midlar, belønningsmidler/ statlege tilskotsmidlar, bompengar og ordinære tilskot.

Programområdet gang og sykkeltiltak har eit mindreforbruk på 16,7 mill.kr som utgjer eit avvik på om lag 9 % av løyvinga ved årsslutt 2016. Av dette utgjer om lag 8 mill. kr. tilskot frå eksterne  og belønningsmidler/ statlege tilskotsmidler ca. 3,2 mill kr. Desse midlane er overførd til bruk i 2017. Dette er i tråd med føresetningane i plan og byggeprogram for 2017. Tiltaka med avvik er i hovudsak omtala under;

### Fv 564 Salhusveien, sykkelveg med fortau

Kontrakt med entreprenør ble inngått 16. januar 2016. Anleggsarbeid pågår og det er venta ferdigstilling seint hausten 2017. Estimert totalkostnad vert oppretthaldt. Avviket skuldast derfor at prosjektet kom seinare i gang enn først antatt, grunna utfordringar ved grunnerverv, som nemnt i T2. Avviket er eksterne midlar som vert overførd til bruk i prosjektet i 2017.

### Gang og sykkeltiltak i knutepunkt

Prosjektering pågår og er venta ferdig i 2 kvartal 2017. Forutsatt tilgjengelige midlar kan tiltak på Paradis ha byggestart i 2018. Avviket skuldast manglande fakturering til grunnerverv so allereie er utført i regi av Bergen kommune. Desse fakturaene kjem til utbetaling i 2017.

### Skilting/oppmerking i sentrale strøk

Våren 2016 ble det tildelt 3,5 mill. kr til skilting av hovudsykkelruter i Bergen frå Samferdselsdepartementet, med krav om 50 % eigenandel. Tiltaka er lyst ut og sett i produksjon, men det var berre mulig å realisere tiltak for om lag halve summen i 2016. Avviket er belønningsmidlar som er ført over til bruk i 2017. Eigenandelen er finansiert i plan og byggeprogram i 2017.

**GS-rute Kvamsvegen**
Tiltaket har fått statlige tilskot og utførast i regi av Bergen kommune. Tiltaket er rapportert ferdigstilt ved årsskiftet 2016/ 2017 og utbetaling til Bergen kommune vil skje med det første.

**Tiltak sykkelveginspeksjon**
Tiltaket har fått statlege tilskot og er rapportert ferdigstilt. Sluttkostnader kjem i 2017.

**Gangveger til bybanestopp**
Tiltaka utførast og held fram i regi av Bergen kommune. Utbetalingar frå Bergensprogrammet er fullført i tråd med dei løyvingar som er gitt pt.

## Trafikksikringstiltak (L345)

Tab 18 — tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | REGNSKAP HIÅ | F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING) | TIL DISP 2016 * | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP | FASE |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Trafikksikkerhetsinspeksjon | 18 466 | -18 100 | -18 100 | 366 | ferdig |
| | Fotgjengersikring | 9 754 | -11 600 | -11 600 | -1 846 | |
| | Vegbelysning | 5 201 | -4 400 | -4 400 | 801 | bygging/anleggsarbeid |
| | Ulykkespunkt | 2 947 | -2 000 | -2 000 | 947 | ferdig |
| | Trafikksikkerhetsplan - diverse mindre tiltak | 4 150 | -3 500 | -3 500 | 650 | bygging/anleggsarbeid |
| | Prosjektering fremtidige tiltak: | 177 | -200 | -200 | -23 | |
| | Fotgjengerkryssing ved Kirkevoll skole | 14 138 | -14 011 | -14 011 | 127 | bygging/anleggsarbeid |
| | Andre TS-tiltak | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| | SUM TRAFIKKSIKRING MED LØYVING | 54 834 | -53 811 | -53 811 | 1 023 | |
| | Rv 555 Gyldenpriskrysset og Carl Konowsgate | 3 | 0 | 0 | 3 | |
| | SUM TRAFIKKSIKRING UTAN LØYVING | 3 | 0 | 0 | 3 | |
| | SUM | 54 837 | -53 811 | -53 811 | 1 026 | |

* Til disp. inneheld årets løyvingar som berre utgjer fylkeskommunale midlar.

Det er eit meirforbruk på posten med 1 mill.kr.  Det er ei auke på 3% i høve til løyving. Dei ulike budsjettpostane inneheld fleire mindre tiltak. Dei viktigaste avvika er omtalt under:

**Trafikktryggleiksinspeksjon:** Det er gjennomført rekkverkspunkt på Fv 580 Indre Arna – Haukeland og ts tiltak på Fv 564 Salhusvegen. Tiltaka på Salhusvegen er ferdige og vart noko dyrare enn planlagd. Tiltaket på Fv 580 Espeland - Haukeland  er ferdig og vart dyrare enn planlagt grunna omprosjektering, meir omfattande løysningar for å sikre gode rekkverkspunkt ved broer. Tiltaka vart løyvd opp etter T2.

**Fotgjengersikring** – Tiltaket består av fleire prosjekt. Tiltak i Natlandsveien er ferdigstilt. Det står att sluttoppgjer på kontrakt Olsvik-Kjøkkelvik som er venta utbetalt i 2017. Fv 240 Hesthaugvegen utføres i 2017.

**Vegbelysning** – Det er sett i verk oppgradering av eksisterande lysanlegg på fylkesveg. Omtrent alt bestilt arbeid vart ferdig i 2016.

**Ulykkespunkt** – Tiltak i Hardangerveien er ferdigstilt, men det er berre utført prosjektering av Wilhelm Bjerknesvei i 2016. Tiltaket kjem til utføring i 2017.

**Trafikktryggleiksplan- diverse mindre tiltak:**
Kostnader på 1, 9 mill.kr knytt til restarbeid på Flaktveit er ført på denne posten. Dette gjeld  fartshumper som er bussvenlege. I tillegg er det mellom anna gjennomført sinusfresing mellom Indre Arna og Espeland.

**Fotgjengerkryssing ved Kirkevoll skole:**
Totalprognosen for tiltaket er sett til 60 mill.kr. Byggearbeida starta opp i juni 2016. Styringsgruppa i Bergensprogrammet har gått inn for at framtidig binding i tiltaket bør reduserast når det let seg gjere. Tiltaket vart dermed føreslått saldert med mindreforbruk på andre tiltak i 2016. Elles vil tiltaket få overført finansiering, (forskottering i tråd med vedtak i plan og byggeprogram 2016), ved årsskiftet 2017 frå riksvegtiltaket Svegatjønn - Rådal. Gjennom året vil det i 2017 derfor ligge eit relativt stort avvik på tiltaket. Dette vert då justert før året er rekneskapsmessig avslutta. Ferdigstilling av tiltaket er venta i august 2017 og ein reknar med at sluttoppgjeret ligg føre i 2017.

## Miljøtiltak (L355)

Tab 19 tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | REGNSKAP HIÅ | F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING) | BOMPENGAR | TIL DISP 2016 * | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP | FASE |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Støytiltak | 2 098 | -2 000 | 0 | -2 000 | 98 | bygging/anleggsarbeid |
| 263 | Kong Oscarsgate | 13 474 | -6 989 | -9 011 | -16 000 | -2 526 | bygging/anleggsarbeid |
| | Trolleybuss-Infrastruktur | 2 850 | 0 | 0 | -2 500 | 350 | |
| | Mobilitetstiltak | 225 | 0 | 0 | -3 000 | -2 775 | |
| | Forlenging av trolleylinje | 2 000 | 0 | 0 | 0 | 2 000 | |
| | SUM MILJØTILTAK MED LØYVING | 20 646 | -8 989 | -9 011 | -23 500 | -2 854 | |
| | SUM | 20 646 | -8 989 | -9 011 | -23 500 | -2 854 | |

* Til disp. inneheld overførde midlar frå 2015 og årets løyvingar, inkludert fylkeskommunale midlar, belønningsmidler, bompengar.

Programområdet for miljøtiltak har eit samla mindreforbruk på 2,9 mill.kr som er 22,2% av løyvinga. Tiltaka med avvik er kommentert under:

**Støytiltak**
Det er eit lite meirforbruk på tiltaket grunna omfang av trong for lovpålagte tiltak etter ureiningslova varierer over tid.

**Fv 263 Kong Oscarsgate**
Opprusting av Kong Oscarsgate starta opp i 2016. Prosjektet omfattar i utgangspunktet gateløpet frå Vetrlidsalmenningen til Nygaten. Styringsgruppa i Bergensprogrammet har konkludert med at kostnadsramma gitt i vedtatt byggeprogram på 80 mill. kr. skal overhaldast. Anleggsarbeidet fekk forsinka start grunna lang handsaming på naudsynte vedtak hos Riksantikavaren. Tiltaket er saldert ned i løpet av 2016 og har ved årsslutt eit avvik på 2,5 mill. kr. Det kjem av at det er utfordrande å halde framdrift grunna omsyn til verna kulturlag og overvaking/utgraving frå Riksantikvar/NIKU.

**Trolleybuss- infrastruktur**
Tiltaket utføres i regi av HFK og er finansiert med belønningsmidlar. Avviket er overførd til 2017.

**Mobilitetstiltak**
Denne posten er finansiert med belønningsmidler. Svv utbetaler i tråd med konklusjonar i styringsgruppa i Bergensprogrammet. Avviket er i tråd med avgjerd i styringsgruppa overførd til bruk i 2017.

**Forlenging av trolleylinje**
Tiltaket utførast som forprosjekt i regi av Hfk og er finansiert med belønningsmidlar først i 2017. Utbetaling på faktura vart haldt igjen ved årsskiftet, men kom likevel med på rekneskapet for 2016. Meirforbruket vert overførd til 2017 og vil då gå i balanse med løyvinga for 2017.

## Kollektivtiltak (L365)

Tab 20 — tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | REGNSKAP HIÅ | F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING) | BOMPENGAR | TIL DISP 2016 * | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP | FASE |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | *Terminaler, knutepunkt og holdeplasser - stamlinjene* | *26 809* | *-7 600* | *675* | *-39 997* | *-13 188* | |
| | Innfartsparkering | 691 | -2 000 | 0 | -4 000 | -3 309 | |
| | Innfartsparkering Birkelandskiftet | 5 008 | -5 000 | 0 | -5 000 | 8 | |
| | Opprusting holdeplasser | 13 182 | 0 | 0 | -19 943 | -6 761 | bygging/aneggsarbeid |
| | Sentrumsterminalen videreføring av pågående prosjekt | 5 684 | 0 | 675 | -5 454 | 230 | bygging/aneggsarbeid |
| | Sletten terminal | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | planlegging/prosjektering |
| | Kollektivsnuplass Øvre Kråkenes (snu/reguleringsplass) | 759 | -600 | 0 | -600 | 159 | prosjektering og klart for utlysning |
| | Åsane terminal- tilrettelegging for mer kapasitet | 1 486 | 0 | 0 | -5 000 | -3 514 | Klart for utlysning, bygging/anleggsarbeid og avslutning |
| | *Framkomsttiltak for buss på stamlinjene* | *50 810* | *-28 000* | *-16 000* | *-87 741* | *-36 931* | |
| | Fyllingsdalen, kollektivfelt Allestadveien - Skarphaugen | 47 204 | -28 000 | -16 000 | -72 000 | -24 796 | bygging/anleggsarbeid/ferdig |
| | Hesthaugveien kollektivfelt | 1 823 | 0 | 0 | -10 000 | -8 177 | Klart for utlysning, bygging/anleggsarbeid og avslutning |
| | Aktiv signalprioritering | 1 782 | 0 | 0 | -3 991 | -2 209 | prosjektering og bygging/anleggsarbeid |
| | Tiltak etter strekningsvise utgreiinger stamlinjene | 0 | 0 | 0 | -1 750 | -1 750 | |
| | *Diverse tiltak* | *11 797* | *-12 500* | *0* | *-12 500* | *-703* | |
| | Fremkommelighet, etc | 5 680 | -6 500 | 0 | -6 500 | -820 | ferdig |
| | Oppgraderinger bybanen I/II etc | 6 117 | -6 000 | 0 | -6 000 | 117 | |
| | *Prosjektering fremtidige tiltak* | *0* | *-500* | *0* | *-500* | *-500* | |
| | **sum kollektivtiltak med løyving i leveranseavtalen** | **89 416** | **-48 600** | **-15 325** | **-140 738** | **-51 323** | |
| | **SUM TOTALT KOLLEKTIV** | **89 416** | **-48 600** | **-15 325** | **-140 738** | **-51 323** | |

* Til disp. inneheld overførde midlar frå 2015, årets løyvinger, inkludert fylkeskommunale midler belønningsmidler/ statlege tilskotsmidler, bompenger og ordinære tilskot.

Innan kollektivtiltak er det eit samla mindreforbruk på 51,3 mill.kr som utgjer 33,2% av løyvinga. Av dette utgjer om lag 50 mill. kr. belønningsmidler. Desse midlane er overførd til bruk i 2017. Ved andre tertial rapporterte Svv med ein prognose på årets forbruk på 90 mill. kr. rekneskap ved årsavslutning viser eit forbruk på 89,4 mill.kr. Fleire av tiltaka med avvik er samla i ei samlekontrakt med anleggstart våren 2017. Tiltaka med avvik er i hovudsak omtala under;

**Terminalar, knutepunkt og haldeplassar – stamlinjene**
Det er venta eit mindreforbruk på ca 13,2 mill.kr. som er 31,1% av løyvinga. Avvik gjeld Opprusting haldeplasser, Innfartsparkering og Åsane terminal.

**Innfartsparkering**
Det er sett av 4 mill. kr. til innfartsparkering i 2016. Ved årsavslutning er det eit mindreforbruk på 3,3 mill.kr. på posten. Av dette er 2 mill. kr. finansiert med

bellønningsmidler, overførd til bruk i 2017. Avviket skuldast at det ikkje har vore konkretisert realiserbare tiltak  til bruk av investeringane.

**Opprusting haldeplasser**
Avviket er belønningsmidler som vert overførd til bruk i 2017. Alle tildelte midlar vert ikkje nytta i 2016, da det har teke lengre tid å utarbeide konkurransegrunnlag for rammeavtale for å ruste opp haldeplasser. Dette er ikkje gjort før og det mangla erfaringsgrunnlag for en slik kontrakt. Rammeavtalen vil og gjelde for tiltak i 2017/ 2018 og gjer det mogleg å auke produksjonen desse åra. Det er rusta opp 17 haldeplassar i regi av Bergensprogrammet på fylkesveg i 2016.

**Sletten terminal**
Det er ikkje økonomisk avvik på prosjektet som ble saldert vekk i 2016, men framdrift for etablering av tiltaket er uavklart etter manglande vedtak på reguleringsplan i Bergen kommune.

**Kollektivsnuplass Øvre Kråkenes**
Regulert tiltak er prosjektert, grunnerverv er gjennomført og konkurransegrunnlag er utarbeida. Tiltaket er klart for utlysning, men antekne totalkostnader ligg framleis for høgt. Framdrift er i tråd med styringsgruppa i Bergensprogrammet framleis uavklart. Tiltakets innhald og kostnad må vurderast i 2017.

**Åsane terminal**
Tiltaket er prosjektert i 2016 og lysast ut som eit av fleire tiltak i ein samlekontrakt. Anleggsarbeidet vil starte våren 2017. Unytta belønningsmidlar frå 2016 vert overførd til bruk i 2017. Dette er i tråd med føresetnadane i plan og byggeprogram for 2017.

***Framkosttiltak for buss på stamlinjene***
Det er venta eit mindreforbruk på om lag 37 mill.kr. som er 39,1 % av løyvinga. Avviket er knytt opp mot etablering av kollektivfelt i Fyllingsdalen, frå Allestadveien til Skarphaugen, Hesthaugveien kollektivfelt, aktiv signalprioritering og tiltak etter strekningsvise utgreiingar på stamlinene.

**Fv 540 Fyllingsdalen, Allestadvegen –Skarphaugen, sykkelveg med fortau**
På grunn av planlegginga av Bybanen til Fyllingsdalen, har styringsgruppa i Bergensprogrammet avgjort å redusera omfanget i prosjektet. Naudsynte endringar i prosjekteringa gav ei forsinka start i høve til opphaveleg plan. Anleggsarbeidet kom i gong i august 2015 og tiltaket hadde ein lågare faktureringsgrad enn føresett. Estimert totalkostnad er ca. 120 mill. kr etter dei omtala endringane. I tillegg til fylkeskommunale midlar er tiltaket finansiert med bompengar og belønningsmidlar. Unytta belønningsmidlar på vel 24 mill. kr. er i tråd med plan og byggeprogram for 2017 overførd frå 2016 til 2017

for å sikre fullfinansiering av tiltaket. Tiltaket er februar/ mars 2017. Sluttoppgjer er venta i 2017.

**Fv240 Hesthaugveien kollektivfelt**
Tiltaket gjeld etablering av kollektivfelt i Hesthaugvegen retning aust på strekninga frå rundkøyring i vest mot rundkøyring ved Åsane terminal. Tiltaket er prosjektert i 2016 og vert lyst ut som del av ein samlekontrakt, der m.a. utviding av kapasitet ved Åsane terminal også inngår. Tiltaka har estimert anleggsstart våren 2017 og ferdigstilling i 2018. Tiltaket er heilfinansiert med belønningsmidlar og avviket er overførd til bruk i 2017. Dette er føresett i plan og byggeprogram for 2017.

**Aktiv signalprioritering**
Tiltaket er finansiert med belønningsmidlar og avviket på vel 2 mill. kr. er overførd til bruk i 2017. Forbruket i 2016 vart lågare enn føresett grunna manglande leveranse frå underleverandør på naudsynt teknologiske løysingar for utføring av tiltaket.

**Tiltak etter strekningsvise utgreiingar stamlinjene.**
Det er gjennomført ein strekningsvis gjennomgang av linje 2-traseen, med mogleg forlenging til Sædalen og Laksevåg/Lyngbø. Konkretisering av tiltak/framdrift er uviss. Avviket på 1,7 mill.kr. er belønningsmidler som er overførd til bruk i 2017. Dette er føresett i plan og byggeprogram for 2017.

***Diverse tiltak***
Det er eit mindreforbruk på om lag 0,7 mill.kr. som er 0,5 % av løyvinga. Avviket er knytt opp tiltaket framkommelighet i Natlandsveien og trikkesløyfen som nå er ferdigstilt.

## Planlegging (L375)

Tab 21 tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | REGNSKAP HIÅ | F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING) | OVERFØRTE BELØNNINGSMIDLAR | BELØNNINGS MIDLAR | TIL DISP 2016 * | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP | FASE |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Planprogram | 76 375 | 0 | -40 000 | -30 000 | -70 000 | 6 375 | |
| | Sekreteriat Bymiljøpakke Bergen | 948 | -1 500 | | | -1 500 | -552 | |
| | **Sum** | **77 323** | **-1 500** | **-40 000** | **-30 000** | **-71 500** | **5 823** | |

* Til disp. inneheld overførde midlar frå 2015 og årets løyvingar som berre utgjer belønningsmidler.

Det er eit meirforbruk på planlegging i 2016 med 5,8 mill.kr. Dette inkluderer forbruk til sekretariat for Byvekstavtalen i Bergen. Avviket skuldast i hovudsak at reguleringsplanarbeidet for Bybanen til Fyllingsdalen vart langt dyrare enn føresett ved utarbeiding av budsjettet for 2016. Kostnadane var estimert til 20 mill. kr. men fekk eit forbruk i 2016 på 43 mill. kr.

## Eksternt finansierte tiltak (L325)

Under denne posten inngår eksternt finansierte tiltak med delfinansiering frå Bergensprogrammet og eksternt finansierte tiltak der HFK løyver mva.

Tab 22 — tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | REGNSKAP HIÅ | F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING) | OVERFØRTE FORSKOT | OVERFØRTE TILSKOT | TIL DISP 2016 * | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP | FASE |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 177 | Fleslandveien (gang og sykkelveg) | 18 330 | -3 500 | 0 | 0 | -13 000 | 5 330 | ferdig |
| 0 | Åsamyrveien | -4 220 | -1 700 | -3 000 | 3 000 | -13 700 | -17 920 | avslutning, tatt i bruk og ferdig |
| | **Sum - med løyving** | **14 110** | **-5 200** | **-3 000** | **3 000** | **-26 700** | **-12 590** | |
| 0 | Kanalvegen - Kryss Fjøsanger | -100 | 0 | 0 | 0 | 0 | -100 | |
| | **Sum - utan løvying** | **-100** | **0** | **0** | **0** | **0** | **-100** | |
| | **Sum - totalt** | **14 009** | **-5 200** | **-3 000** | **3 000** | **-26 700** | **-12 691** | |

* Til disp. inneheld overførde midlar frå 2015 og årets løyvingar.

### Åsamyrveien

Prosjektet er finansiert med eksterne midlar med unnatak av mva. Prosjektet vart ferdig i 2015. I junitinget 2016 var det løyvd opp midlar for å dekkje naudsynte midlar i prosjektet for å oppfylle forpliktingar i signert finansieringsavtale med bidragsytarar. Avviket er truleg knytt til rekvirering av eksterne midlar. Dette må Svv kome attende til ved rapportering for 1. tertial.

### Fleslandsveien

Prosjektet er ferdigstilt og sluttoppgjer kjem i 2017. Auka kostnader som følgje av restriksjonar på sprenging frå Avinor, samt manglande prosjektering av murer/sikring av skjæring og høgspent har ført til uunngåelege meirkostnader.

Tab 23 — tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | REGNSKAP HIÅ | F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING) | TIL DISP 2016 * | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP | FASE |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 580 | Sandslikrysset | 9 741 | -9 700 | -9 700 | 41 | prosjektering |
| | **Sum** | **9 741** | **-9 700** | **-9 700** | **41** | |

* Til disp. inneheld årets løyvingar som berre inneheld fylkeskommunale midlar.

### RV 580 Sandslikrysset

Bergensprogrammet yter tilskot til riksvegprosjektet i tråd med politiske vedtak. Kostnader i 2016 gjeld grunnkjøp og prosjektering. Prosjektet er venta utlyst etter sommaren 2017 under føresetnad at finansieringa er i orden. Prosjekteringa er i gang.

## Kommunikasjon i Bergensprogrammet (L375)

Tab 24

| Fv nr | Prosjekt | REGNSKAP HIÅ | F.K.MIDLAR (ÅRETS LØYVING) | TIL DISP 2016 | AVVIK MELLOM TILDISP OG REGNSKAP |
|---|---|---|---|---|---|
| | Kommunikasjon i Bergensprogrammet | 2 597 | -3 000 | -3 000 | -403 |
| | **Sum** | **2 597** | **-3 000** | **-3 000** | **-403** |

Det er eit mindre avvik på denne posten i 2016. Dette skuldast lågare aktivitet enn det var budsjettert for.

## Generelt om belønningsmidlar

(tall i heile tusen kr)

| Belønningsmidlar | Regnskap | Overført frå 2015 til 2016 | Årets løyving 2016 | Tildisp | Avvik mellom tildisp og regnskap |
|---|---|---|---|---|---|
| I Bergen | 154 094 | -78 992 | -122 600 | -201 592 | -47 498 |
| Utanfor Bergen | 599 | -2 049 | -5 750 | -7 799 | -7 200 |
| Sum | 154 693 | -81 041 | -128 350 | -209 391 | -54 698 |

Det er eit mindreforbruk på ca. 54,7 mill.kr. i belønningsmidlar til investeringstiltak i 2016. Tildelinga av midlar for 2015 kom seint på hausten og difor vart ein stor del av desse ikkje nytta i 2015. Midlane vart overført til bruk i 2016. For tiltaka der HFK eller Bergen kommune er byggherre/ har ansvar for realisering, utbetaler Svv midlar etter framdrift. Dette er i tråd med avgjerd i styringsgruppa i Bergensprogrammet. Belønningsmidlar inngår som ein del av finansieringa av tiltak i Bergensprogrammet. Ekstra tildeling av tiltaksmidler for økt sykkelbruk i 2016 er teke med i leveranseavtalen under same bevilgningskode som ordinære belønningsmidlar.

Mindreforbruket på ca. 54,7 mill. kr. vert overførd til finansiering av pågåande tiltak i 2017. Fleire av desse midlane er naudsynte overføringar for å få budsjettet i Bergensprogrammet i 2017 til å gå i balanse. Ved utarbeiding av plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet for 2017 vart det estimert eit mindreforbruk på ca. 70 mill. kr. på denne posten. Reduksjonen som nå ligg føre skuldast i hovudsak auke i kostnader knytt til utarbeiding av reguleringsplanen for Bybanen IV til Fyllingsdalen. Dette er omtala spesielt under avsnittet om planlegging.

# 4. Rassikring av fylkesvegar

## 4.1. Rassikring av fylkesvegar (L410) inkludert statleg tilskot

Tab. 25 tall i hele tusen kr

| Fv nr | Prosjekt | Regnskap hiå | Overført | FK midlar 2016 | Tilskot frå Staten | Tildisp | Avvik tildisp og regnskap | Fase |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 344 | FV 344 Oddaneset | 11 084 | 0 | -18 000 | 0 | -18 000 | -6 916 | bygging/anleggsarbeid |
| 7 | Fv-7 Haukanesberget | 36 822 | 0 | -1 000 | -39 000 | -40 000 | -3 178 | avslutning |
| 7 | Fv7 Skredsikring Lussandberge | 96 595 | 0 | -75 400 | -17 600 | -93 000 | 3 595 | avslutning |
| | Diverse rassikringstiltak | 2 935 | 0 | -600 | -3 400 | -4 000 | -1 065 | ferdig |
| **Sum Rassirkring - løyvde midlar** | | **147 436** | **0** | **-95 000** | **-60 000** | **-155 000** | **-7 564** | |
| 572 | Fv 572 Eddegjelet/Torgilsberg | -47 | -47 | 0 | 0 | 0 | -47 | ferdig |
| **Sum Rassirkring** | | **147 389** | **-47** | **-95 000** | **-60 000** | **-155 000** | **-7 611** | |

Det er venta eit mindreforbruk på 7,6 mill.kr som utgjer 4,9 % av løyvinga for 2016. Rassikring er omtala i hovudrapporten.